

2025

Kunnskapsgrunnlag Barnehage – og skulebruksplan Suldal kommune. Eignaheitsvurderingar – vedlegg 1



Jostein Danielsen

❖ Norconsult

26.05.2025

Funksjonell eignaheit skuleanlegg

Innhald

1	Metode for vurdering av funksjonell eignaheit	2
2	Funksjonell eignaheitsvurdering skule	3
2.1	Erfjord skule	3
2.2	Jelsa oppvekstsenter	8
2.3	Marvik skule	11
2.4	Nesflaten skule	16
2.5	Sand skule	19
2.6	Vinjar skule	24
3	Funksjonell eignaheitsvurdering barnehage	28
3.1	Jelsa oppvekstsenter	28
3.2	Sand barnehage	32
3.2.1	Randåsen	32
3.2.2	Joagarden	36
3.3	Stølane barnehage	39
3.4	Kjølvikstølen barnehage	43
3.5	Vinjar barnehage	46

1 Metode for vurdering av funksjonell eignaheit

Vurderinga ser på om rom og funksjonar fungerer som forventa og har den nødvendige kvaliteten for å løyse dei oppgåvene dei er planlagde for. I tillegg vurderer vi i kva grad anlegget møter krava til formålet, spesielt med tanke på brukarrettar.

Vurderinga omfattar areal, funksjonalitet, tilgjenge og tryggleik.

+

Norconsult har vurdert kapasitet og kor godt anlegga er eigna for føremålet med skildringar og skåring på ein skala frå **EG0 til EG3**. Vi ser spesifikt på korleis anlegget støttar lovfesta krav i;

- Opplæringslova
- Fagplan
- Miljø og helse i barnehagar, skular og SFO
- Arbeidsmiljøloven
- Lov om likestilling og mot diskriminering

Bygga vert vurderte etter følgjande fargeskala, der grøn viser at bygget i stor grad når målsetjingane på området, og raud indikerer liten grad av måloppnåing:

EG 0 Stor grad	EG 1 Tilstrekkeleg grad	EG 2 Mindre grad	EG 3 Liten grad
--------------------------	-----------------------------------	----------------------------	---------------------------

Detaljert beskriving av metoden for vurdering av funksjonell eignaheit i barnehageanlegg og skuleanlegg finn ein i høvesvis kap. 2.3.1 og 2.3.2 i hovudrapporten.

2 Funksjonell eignaheitsvurdering skule

2.1 Erfjord skule

Namn på skule: Erfjord skule					
Funksjonell analyse – elevfunksjonar	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Elevane sitt areal (klasse- og grupperom) har føremålstenleg utforming, riktig storleik og tilstrekkeleg mengd dagslys og utsyn. Areala er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Kvar klasse har eigne klasserom, 3. og 4. trinn er samla i ei klasse. Alle klasseromma har utsyn og dagslys. Romma har varierende geometri, nokre av romma er tidlegare spesialrom, nokre er originale, mindre klasserom og nokre er samanslåtte klasserom. Alle klasseromma har tydeleg retning og dagslys. Tradisjonell og enkel innreiing i dei fleste romma, dei større romma har meir variert møblering. Nokre klasserom har lett tilgjengelege grupperom, andre har grupperom med noko avstand. Dette gjer bruken vanskelegare, og krev meir vaksenressurs. Fleire grupperom har berre tilkomst frå klasserom, noko som gjev mindre fleksibilitet. Skulen har rikeleg med tilgjengeleg areal, og har tatt i bruk heile skulen for å dekke behovet for klasserom. Årsaka til dette er manglande garderobefasilitetar ved fleire av utgangane. Denne løysinga medfører at skulen ikkje lengre har tilgang på fleire av spesialromma dei hadde før og at tilgjengelegheita til enkelte rom er dårlegare. Skulen er uoversiktleg å finne fram i, grunna fleire påbygg og endring i bruk av de ulike areala. Det er rom for variasjon i undervisninga i dei fleste klasseromma grunna lavt elevtal ift. areal.				
Skuleanlegget har nødvendig areal og tilstrekkeleg tal på spesialrom og fellesareal. Areala er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Kroppsøving: Tradisjonell gymsal med tilhøyrande garderobeanlegg i eige bygg. Ope utstyrlager på langsida i gymsalen og opphøgd scene med eit lite lager i enden. Slitte overflater i gymsal. Inngong via garderobar frå utsida eller via vestibyle i bygget. Det er tak mellom påbygg ved hovudbygg og inngong til vestibyle.				
	Kunst og handverk: Ligg i 1. etasje i påbygd del, og hovudbygg. K&H-arealet har to avdelingar; sløydslal i påbygg og				

	maling/tekstil i opprinneleg hovudbygg. Areal i b��e avdelingar er stort. Ein del sager og maskiner, t.d. bandsag, st��r inne i undervisningsarealet for sl��ydsal utan forsvarleg skjerming. Desse b��r sikrast, eventuelt flyttast til eige maskinrom / lager. Tidlegare metallsl��yd er n�� garasje / utebod.				
	Naturfag: Skulen har tatt i bruk naturfagrommet som klasserom. Rommet ligg i andre etasje i p��bygg ved hovudbygg. Det er lager/f��rebuingsrom og grupperom ved sidan av.	Ikkje vurdert			
	Musikk: Skulen har tatt i bruk halve musikkrommet til klasserom. Musikkundervisninga f��reg��r no i siste halvdel av det tidlegare musikkrommet. Dette er ikkje f��rem��lstenleg, og gjer det meir krevjande med tanke p�� mellom anna musisering, lydsmitte og akustiske tilh��ve. Klassen som eig klasserommet m�� flytte undervisning om andre skal ha musikk. Dette rommet ligg ogs�� langt unna resten av klasseromma ved skulen og er plassert i p��bygg p�� andre sida av hovudbygget. Ikkje tilgjenge for alle.				
	Mat og helse: Ligg ved gymsal i eige bygg, og har ei eige kj��ken som kan tene som kj��ken i eit n��rmilj��anlegg. Tradisjonelle stasjonar i ��yer. Eldre komfyrar. Ikkje uu-stasjon for elevar. Godt med lagerplass.				
	Bibliotek: Skulen har eit stort bibliotek / mediatek sentralt i p��bygg. Biblioteket har boksamlingar i hyller, og elles enkel m��blering. Inngong til bibliotek fr�� alle klasserom i 1. etasje og via vindeltrapp fr�� 2. etasje i same fl��y. Litt lengre avstand for klasse med klasserom i tidlegare musikkrom.				
	SFO-base: Ligg plassert i tilknytning til omr��det ved 1. – 4. trinn. Godt dagslys, utgang via korridor som har tilknytning til bibliotek, 1. trinns Garderobe og skulens administrasjon. SFO har ein enkel kj��kenfunksjon.				
Utforminga av areala (klasse- og grupperom, spesialrom) legg til rette for samhandling og variasjon i undervisninga.	Areal for MH og kropps��ving ligg i eige bygg, og / eller med noko avstand til fleire av klasseareala. Areal for KH og musikk har noko avstand til dei fleste klasseareala, musikkareala er ikkje s�� tilgjengelege n��r ein m�� passere gjennom eit klasserom for �� kome dit. I sum kan dette f��re til at terskelen for ��				

	nytte spesialrom vert noko høg. Skulen har ikkje lengre areal for naturfag, då dette er gjort om til klasserom. Det er god kapasitet på KH, MH og kroppsøving. Musikkrom er lite og lite funksjonelt slik det er per i dag. Bibliotekområdet er møbler og innreia slik at et også kan nyttast til stasjonar og anna variert undervisning. Det er god tilgang til areal på skulen, og dermed gode moglegheiter for variasjon i undervisninga. Uoversiktlege kommunikasjonslinjer mellom dei ulike delane av skulen gjer det likevel noko utfordrande med god samhandling mellom trinna.				
Skuleanlegget har nødvendig og funksjonelt areal til elevgarderobar med WC.	Skulen har ikkje gode garderobetilhøve for elevane. Det er tilrettelagt for separate inngangar for dei ulike delane av skulen, og garderobefunksjonen er løyst i korridorane ved desse utgangane. Tronge garderobeforhald er oppgitt årsak til at deler av musikkrommet vart omgjort til klasserom. WC er tilgjengeleg frå garderobekorridorane, 7 til saman. Fleire WC er utstyrt med handstøtte på ei av sidane.				
Skuleanlegget har fysisk tilrettelagde miljø for elevar med behov for alternativ pedagogikk eller tilrettelagt tilbod, til dømes stellerom, sanserom og spesialutstyr for forflytning.	Skulen har ikkje stellerom, eller sanserom eller andre rom / areal godt eigna for elevar med større samansette vanskar. Eit par grupperom er i dag nytta til elevar som treng skjerming større delar av dagen.				
Utearealet er tilstrekkeleg stort og tilbyr eit rikt, variert og trygt aktivitetstilbod. Tilkomsten er tilgjengeleg og trafiksikker.	Elevane har eit fint opparbeida uteområde skjerma frå tilkomst ved skulen. Området er ikkje stort, her er nokre leikeapparat og ei grusbane. Skulen har også eit amfi og ein gapahuk ved sjøen, men dette er ikkje tilgjengeleg for elevane utan vaksne. Alle elevane ved skulen får skuleskyss i år. Skulen har parkeringsplass og ein sone for av- og påstiging som er skilt frå utearealet til skulen.				
Funksjonell analyse – tilsettefunksjonar					
Skulebygget har nok og funksjonelt areal til lærararbeidsplassar.	Alle lærararbeidsplassane ved skulen er samla i eitt stort arbeidsrom. Her er det avsett plass til 12 arbeidsplassar, arealet er litt for knapt til dette i høve forskrift. Kontoret er plassert midt i hovudbygget, men opplevast som litt lang avstand frå				

	elevareala grunna mange dører og uoversiktleg planløysing.				
Støttefunksjonar for tilsette (personalrom, garderober, kopirom, møte- og samtalerom osv.) er tilstrekkeleg store og funksjonelle.	Personalrommet er tiltalande, med god utsikt og lysinnslepp og har plass til alle tilsette. Enkel kjøkenfunksjon. Personalgarderoben ligg rett ved personalrommet og nær dei fleste kontora for lærarar. Består av opphengsfunksjon i korridor, med tilgang til toalett. Manglar dusj og er ikkje kjønnsdelt. Anna garderobeoppbevaring for dei tilsette er i korridor.				
Leiling og administrasjon har tilstrekkeleg og eigna areal.	Leinga har kontor i kjernen av hovudbygget, tilknytt resten av personalarealet. Rektor sitt kontor er omdisponert til elevrådsrom / oppbevaring, rektor bruker tidlegare merkantilkontor som kontor då skulen ikkje har merkantilfunksjon. Det andre kontoret i fløya nyttast som møterom. Både elevrådsrom og møterom nås ved å gå gjennom rektors kontor. Dette er ikkje ei optimal løysning.				
Elevtenesta (helse og PPT) har funksjonelle og tilgjengelege rom.	Helsesjukepleiar har eige kontor i påbygget lengst unna klasseromskjerna i skulen. Rommet har eit lite arbeidsbord, men ei sitjegruppe eigna for samtalar. Det er lytt og lydsmitte mellom romma. Det er eit ekstra rom tilgjengeleg over gangen som også kan nyttast.				
Drift- og reinhaldsfunksjonane er funksjonelle og legg til rette for effektiv drift.	Reinhald har funksjonell reinhaldssentral og bøttekott av bra storleik. Det er eiga vaktmeisteravdeling i kjellaren ved skulen, vaktmeister har også godt med lagerplass i tilknytting KH-avdeling.				
Flyt, kommunikasjon og tryggleik					
Planløysinga i skuleanlegget sikrar god flyt og likeverdig tilgang til alle nødvendige funksjonar for elevar og tilsette.	Det er heis i den eine delen av bygget, men ikkje i bygget med musikkrom. Dette gjev ikkje fullt ut likeverdig tilkomst til areal i ulike etasjar. Planløysinga i bygget ber preg av at skulen består av fleire tilbygg, er uoversiktleg og har mange barrierar i høve effektiv flyt.				
Planløysinga i skuleanlegget sikrar effektiv bygningsdrift.	Det er reinhaldsrom fordelt i anlegget, men bygget er utforma slik at ein ikkje har tilgang til alle område med reinhaldsmaskiner. Vedlikehaldstekniker har stort areal tilgjengeleg, men planløysinga vanskeleggjer effektiv drift.				
Planløysinga har god oversikt som fremjar tryggleik mot vald, truslar og	Planløysinga medfører manglande oversikt og innsyn, noko som ikkje bidreg til å skape tryggleik i høve grenseoverskridande åtferd.				

grenseoverskridande åtfærd (mobbing m.m.).	Desentraliserte inngangar kan vere trygt for elevane. Samstundes er det vanskelegare å ha kontroll på kven som til ei kvar tid er i anlegget. Garderobeløysingane er knappe og kan bidra til uønskt elevåtfærd når det er mange elevar samla på ein plass.				
Nærmiljøfunksjon					
Skulen har funksjonar som er eigna for utlån og bruk til ulike føremål for nærmiljøet på ettermiddagar og i helger.	Skulen har eit eige utleigekjøken i tilknyting til mat og helse, og gymsal. Det er godt med lagerplass i bygget som også nyttast av skulekorps.				

2.2 Jelsa oppvekstsenter

Namn på skule: Jelsa oppvekstsenter					
Funksjonell analyse - elevfunksjonar	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Elevane sitt areal (klasse- og grupperom) har føremålstenleg utforming, riktig storleik og tilstrekkeleg mengd dagslys og utsyn. Areal er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Skulen har to klasserom for bruk i undervisning, eitt for småtrinn og eitt for mellomtrinn. Begge romma har dagslys og utsyn, og småtrinnsklasserom har sambruk med SFO base – med fleire soner med ulik møblering. Begge klasseromma har lett tilgang til grupperom. Skulen har rikeleg tilgjengeleg areal og fleire av dei opphavslege klasseromma nyttast til møterom, bibliotek og lager. Anlegg og utstyr ber preg av vedlikehaldsetterslep og slitasje.				
	Kroppsøving: Tradisjonell gymsal, med tilhøyrande garderobeanlegg, og styrkerom i modulbygg. Tilgang til gymsal skjer via styrkerom eller frå vestibyle. Gymsal har ope utstyrlager				
Skuleanlegget har nødvendig areal og tilstrekkeleg tal på spesialrom og fellesareal. Areal er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Kunst og handverk: Ligg i Nordfløya i anlegget. Rommet er delt inn i sonar for ulike aktivitetar. Det er ikkje eit avstengt område til maskinar og utstyr som krev sikker sone mot elevareal. Rom og utstyr er slitt og ber preg av å ikkje vere i bruk. Tilkomst er frå utsida, eller via eit naturfagsrom				
	Naturfag: skulen har tatt i bruk naturfagsrom som lager. Naturfagsrom ligg mellom mat og helse og kroppsøving.				
	Musikk: skulen har eit stort musikkrom - som ligg nær klasserom i sør. Musikkrommet fungerer som fellesrom for skulen. Rommet brukast til utleige/utlån. Rommet er ikkje hensiktsmessig innreidd, og stolar er stabla inne i læringsareal.				
	Mat og helse: ligg mellom vestibyle og naturfagsrom. Relativt ny standard, men ikkje med tanke på UU (lys, hev/senk, kontrastar m.m.).				

	Bibliotek: Skulen har eit stort bibliotek sentralt i bygget. Rommet har boksamling i hyllar og elles nøktern møblering. Tilgang til bibliotek frå begge vestibyle og korridor.				
	SFO: sambruk med klasserom/småtrinn - Delar av rommet har ikkje tilgjengeleg dagslys. På grunn av lågt elevtal, fungerer SFO greitt.				
Utforminga av areala (klasse- og grupperom, spesialrom) legg til rette for samhandling og variasjon i undervisninga.	Areal for kunst og handverk, mat og helse og naturfag - ligg i ein eiga fløy – der ein må passere gjennom dei ulike romma for å komme seg til dei. Eksempelvis ligg naturfag mellom mat og helse og kunst og handverk. Dette kan føre til at terskel for å bruke romma blir høgare. Om skulen hadde vore fullt utnytta, ville det ikkje vore mogleg å drive undervisning i alle rom samtidig. Skulen har nå gjort om bruk av romma, så undervisning i naturfag gjerast nå i klasserom. Klasserom og grupperom er lagt til rette for tradisjonell undervisning. Det er god tilgang til areal generelt og derfor mogleg å legge til rette for variasjon.				
Skuleanlegget har nødvendig og funksjonelt areal til elevgarderobar med WC.	Småtrinn har gode garderobetilhøve med tilgang til toalett frå garderobe. Mellomtrinn har garderobe i inngangsparti med mange dører inn mot dei ulike delane av bygget. Det er ikkje et funksjonelt skilje mellom rein og skitten sone. Tilgang til HCWC, berre i gymgarderobe. Det er dårleg kvalitet på dører, som gir lydgjennomgang ut i tilstøytane rom.				
Skuleanlegget har fysisk tilrettelagde miljø for elevar med behov for alternativ pedagogikk eller tilrettelagt tilbod, til dømes stellerom, sanserom og spesialutstyr for forflytting.	Skulen har ikkje stellerom, eller rom som kan nyttast av elevar med behov for tilrettelagte undervisningsrom. Skulen er generelt lite eigna og ikkje i tråd med krav til universell utforming.				
Utearealet er tilstrekkeleg stort og tilbyr eit rikt, variert og trygt aktivitetstilbod. Tilkomsten er tilgjengeleg og trafikksikker.	Det er eit opparbeida uteområde som er skjerma frå trafikk. Det er store areal med blanding mellom leikeapparat, bane og tilgang til natur.				

Funksjonell analyse - tilsettefunksjonar					
Skulebygget har nok og funksjonelt areal til lærararbeidsplassar.	Arbeidsrommet er arealmessig stort nok, men det er ikkje funksjonelt innreidd med tanke på oppbevaring og arbeidsstasjonar. Kontoret er plassert midt i hovudbygg, men opplevast som usentralt i forhold til avstand frå elevareal, grunn planløsning.				
Støttefunksjonar for tilsette (personalrom, garderobar, kopirom, møte- og samtalerom osv.) er tilstrekkeleg store og funksjonelle.	Personalrommet er fint og funksjonelt				
	Personalgarderoben er trang og har ikkje kjønnsdelt funksjon, som krav i arbeidsplassforskrifta. Tilgang til toalett er langt frå undervisningsareal.				
	Skulen har møterom tilknytt rektor sitt kontor, med inngang frå korridor. Eit klasserom er lagt til rette for møte.				
Leiging og administrasjon har tilstrekkeleg og eigna areal.	Med dagen elevtal er det tilstrekkeleg areal til leiging og administrasjon.				
Elevtenesta har funksjonelle og tilgjengelege rom.	Det er ikkje eiga rom til elevtenesta.				
Drift- og reinhaldsfunksjonane er funksjonelle og legg til rette for effektiv drift.	Reinhaldssentral er ikkje tilstrekkeleg stor til å oppretthalde skilje mellom reint og skittent utstyr, og det er ikkje lagt til rette for god ergonomi for reinhaldar.				
Flyt, kommunikasjon og tryggleik					
Planløysinga i skuleanlegget sikrar god flyt og likeverdig tilgang til alle nødvendige funksjonar for elevar og tilsette.	Skulen er vanskeleg å finne fram i, grunna ein lukka struktur og endring av funksjonar Uoversiktlege kommunikasjonslinjer mellom de ulike delane av skulen, gjer det utfordrande med samhandling.				
Planløysinga i skuleanlegget sikrar effektiv bygningsdrift.	Skulen har ikkje tilstrekkeleg oversikt, samanheng og funksjonell utforming for ei driftseffektiv verksemd. Sjølv om elevtalet er lågt, nyttast det meste av skulens areal.				
Planløysinga har god oversikt som fremjar tryggleik mot vald, truslar og grenseoverskridande åtferd (mobbing m.m.).	Planløysinga er lukka og uoversiktleig, og få områder der det er transparens inn mot tilstøytane areal.				
Nærmiljøfunksjon					
Skulen har funksjonar som er eigna for utlån og bruk til ulike føremål for nærmiljøet på ettermiddagar og i helger.	Skulens gymsal er eigna for utleige.				

2.3 Marvik skule

Namn på skule: Marvik skule					
Funksjonell analyse - elevfunksjonar	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Elevane sitt areal (klasse- og grupperom) har føremålstenleg utforming, riktig storleik og tilstrekkeleg mengd dagslys og utsyn. Arealane er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Marvik skule har fleire større rom som vert nytta som klasserom. Per i dag er gruppene delt på ulike måtar, men ei hovudinndeling er 1.-2. trinn. 3.-4. trinn og 5.-7. trinn. Alle gruppene har høvesvis store klasserom, med rom for variert møblering og alternativ opplæring. Romma er prega av å vere frå ei anna tid, sjølv om det nokre stader er nyare inventar. Noko overflateslitasje, og potensiale for meir sonedeling t.d. gjennom møblering. Mellomtrinnet er på plan 1, dei to andre gruppene har base på plan 2. Godt med dagslys og utsyn. Innvendig solskjerming kan vere meir driftsintensivt enn utvendig solskjerming. Opplevd akustikk og temperatur akseptabelt, men det er lydsmitte mellom rommet til 1.-2. trinn og 3.-4. trinn. Klasseromma er store, med høve til inndeling i soner og skjerming. Samstundes har ein per i dag ikkje eigne grupperom i nærleik til klasseromma, t.d. for elevar som vil trenge ekstra skjerming i periodar. Det lave elevtalet gjer at det er stort arealoverskot, og høve til å utnytte areala på andre og meir effektive måtar.				
Skuleanlegget har nødvendig areal og tilstrekkeleg tal på spesialrom og fellesareal. Arealane er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Marvik skule har godt utval spesialrom tilpassa eit større elevtal enn dagens, og tilpassa det som ein gong har vore 1-10-skule. Generelt sett har romma eit gammalt og umoderne uttrykk, prega av noko overflateslitasje. Det er generelt sett godt med dagslys og utsyn, og ikkje meldt om særlege utfordringar knytt til luftkvalitet og akustikk. Unnataket er målingar av radon i SFO-arealet. Med unnatak av musikkrommet, er spesialromma samla på plan 1. Det er lange avstandar frå klasserom i 2. etasje til spesialrom; dette gjer fleire av romma mindre tilgjengelege. Romma er for store etter dagens behov.				

	Kroppssøving: Gymsalen er tradisjonell i form, storleik og utrusting. Faste apparat, som bom og ringar er nyleg kontrollerte. Hev/senk-scene som vert nytta til arrangement i regi av skulen gjev fleksibilitet. Enkelt utstyrs-lager med bra tilkomst. Garderobane har direkte tilkomst til sal, men også med tilgang frå korridor i bakkant. Tradisjonell og oversiktleg oppbygging av garderobane. Slitt og umoderne uttrykk.				
	Kunst og handverk: Skulen har tradisjonell sløydsal med 4 sløydbenker. Sager, maskiner, keramikkomn og materiallager i same rom. Høvesvis lite brukt. Mykje areal. Sponavsug kopla til bandsag, ikkje elles. Maskiner står midt i elevarealet. Dette kan potensielt vere risikofylt ved samtidig bruk, og ein bør vurdere betre sikring. Eit rom/lager med vevstolar kopla på sløydsal. Skulen har også eit eige rom for arbeid med mjuke material (teikning, tekstil). Stort rom som også vert nytta til felles måltid for alle elevane. Enkel møblering. Begge romma har greitt med dagslys og utsyn.				
	Mat og helse: Skulekjøkenet er stort, med fire elevstasjonar i praktisk og oversiktleg L-form. Skulen har undervisning i faget kvart 3. år. Mykje areal til oppbevaring i skåp. Eiga spisesone i rommet, elles nærleik til tekstilrommet som også vert nytta til måltid. Manglar uu-stasjon. Eldre inventar og noko slitne overflater.				
	Musikk: Skulen har eige musikkrom som også vert nytta av kulturskulen. Godt utstyrt. Funksjonelt til bruk og elevtal. Ikkje spesielt tilpassa akustikk.				
	Naturfag: Skulen har ikkje eige naturfagrom, men eit høvesvis stort rom der ein oppbevarer / lagrar utstyr til naturfagundervisning. Skulen har elles mykje areal til eksperiment i fysikk og forsøk i kjemi (klasserom, korridor, skulekjøken og sløydsal).	Ikkje vurdert			

	Bibliotek: Skulen husar kombinasjonsbiblioteket, og har rause areal med mange hyllemeter bøker. Arealet har direkte og enkel tilkomst for besøkande. Potensialet er stort for ei møblering i fleire skjerma soner, og som legg til rette for meir variert bruk av areala. Som skulebibliotek er arealet for stort og lite tilpassa med ulike soner for ulike aldrar, for formidling, for inspirasjon osv.; det har potensiale til å verte eit betre læringsareal med anna innreiking.				
	SFO: Skulen har eigen, stor SFO-base på plan 1. Her er det målt radon, utan større tiltak enn at ein må lufte ved å opne vindauger. Rommet er møblert i ulike soner, leikeområde og sitjegrupper. Stor plass, også med enkel tilgang til andre spesialrom ved skulen.				
Utforminga av areala (klasse- og grupperom, spesialrom) legg til rette for samhandling og variasjon i undervisninga.	Det er stort arealoverskot i Marvik skule til dagens elevtal, med høvesvis store rom og mange rom. Her har ein mange moglegheiter til variert møblering og aktivitet. Dei to romma for dei yngste gruppene ligg så tett at ein enkelt kan samhandle på tvers. Mange spesialrom opnar også for praktisk og variert undervisning, men dei ligg langt frå resten av undervisningsareala.				
Skuleanlegget har nødvendig og funksjonelt areal til elevgarderobar med WC.	Elevlar og tilsette nyttar hovudinngang. Det er eit stykke frå inngang, via garderobe til klasserom, men lågt elevtal gjer det høvesvis enkelt å ha oversikt. I dag har alle elevane garderobe på plan 1. Dei yngste har eigen garderobe (saman med vaksne / SFO). Resten av elevane har garderobe i gang/korridor. Enkelt oppheng for klede, med sittebenk og hyller. Ikkje særleg opplegg for tørk og ventilasjon. Det er enkelttoalett i gang ved elevareal på plan 1 og to enkelttoalett i gang på plan 2.				
Skuleanlegget har fysisk tilrettelagde miljø for elevlar med behov for alternativ pedagogikk eller tilrettelagt tilbod, til dømes stellerom, sanse- og spesialutstyr for forflytning.	Skulen har ikkje eigne rom særleg eigna for elevlar med større samansette hjelpebehov, t.d. stellerom med heve-senke eller sanse-rom. Det vil vere nok areal som kan byggjast om til slikt føremål.				

Utearealet er tilstrekkeleg stort og tilbyr eit rikt, variert og trygt aktivitetstilbod. Tilkomsten er tilgjengeleg og trafikksikker.	Utearealet er tilstrekkeleg stort for dagens elevtal. Arealet på eine sidan av skulen er avstengt i dag; Ein ønskjer ikkje at elevane skal gå rundt skulen, og det vert meldt om at det kan kome steinar ned frå fjellsida. Skulen ligg med nærleik til gode turareal, nær fjøre og turstiar. Skulen har mellom anna dissestativ, klatretårn, handballmål, basketstativ og overbygd uteskur.				
Funksjonell analyse - tilsettefunksjonar					
Skulebygget har nok og funksjonelt areal til lærararbeidsplassar.	Lærararbeidsplassane er samla i eitt rom på plan 2. Det er tilstrekkeleg areal, dagslys og utsyn. Noko eldre / ufunksjonell møblering og open lagring som kan samle støv. Rommet <i>kan</i> bli eit godt rom med føremålstenleg interiør og møblering.				
Støttefunksjonar for tilsette (personalrom, garderobar, kopirom, møte- og samtalerom osv.) er tilstrekkeleg store og funksjonelle.	Personalrommet ligg med flott utsyn på plan 2. Det er eit godt rom for pause, med tenlege sitjeplassar og enkel kjøkenfunksjon. Ein har gått vekk frå praksis med å ha pedagog- og personalmøte her, fordi det hindrar andre yrkesgrupper å bruke arealet som pauserom. Garderoben har enkel opphengsfunksjon for klede, med tilknytte toalett. I dag er det noko knapt med møterom på skulen, og ein nyttar rektor sitt kontor til møte med heile personalgruppa. Dette er lite tenleg. Ein har planar om å gjere om eit lagerrom i sona til møterom.				
Leiling og administrasjon har tilstrekkeleg og eigna areal.	Rektor har kontor funksjonelt plassert mellom personalrom og lærararbeidsplassar på plan 2, med enkel tilkomst frå trapp og heis. Rommet er for lite til å vere møterom for personalet, slik det også vert nytta i dag. Som kontor for einingsleiar, har rommet gode kvalitetar.				
Elevtenesta (helse og PPT) har funksjonelle og tilgjengelege rom.	Støttetenestene har eige rom sentralt plassert mellom areal for tilsette og elevar på plan 2, med nærleik til trapp og heis. Passe tilgjengeleg, passe diskret. Toalett rett ved rommet. Møblert med fin sitjegruppe til samtalar, men lite eigna kontorplass for helsesjukepleiar og / eller PP-rådgjevar. Noko lydsmitte mellom rommet og rektor sitt kontor.				

Drift- og reinhaldsfunksjonane er funksjonelle og legg til rette for effektiv drift.	Reinhaldssentralen er på plan 1. Denne er stor, og har tilstøytane lager. Den ber preg av overflateslitasje. Det er også bøttekott på plan 2, men utan plass til reinhaldsmaskin. Vaktmeister har stort og godt kontor med tilhøyrande lager, sentralt plassert ved hovudinngang. Skulen har nok lagringsplass.				
Flyt, kommunikasjon og tryggleik					
Planløysinga i skuleanlegget sikrar god flyt og likeverdig tilgang til alle nødvendige funksjonar for elevar og tilsette.	Det er heis i bygget, men denne er stengt for vanleg personaltransport fordi telefon / varsling ikkje verkar. Vert nytta til varetransport / reinhald. Det er såleis ikkje universell tilkomst til elev- og personalareala på plan 2. Bygget er stort, og det er lange avstandar. Det er likevel enkelt å orientere seg i bygget: Det meste av spesialrom er samla på plan 1. Personalareal og det meste av klasserom er samla på plan 2. Bygget manglar føremålstenleg skilting, både av retning og funksjon.				
Planløysinga i skuleanlegget sikrar effektiv bygningsdrift.	Bygget har mykje areal å drifte til dagens elevtal. Slitte overflater, t.d. golvbelegg, gjer det krevjande å halde reint. Det er mykje støvdeponi på skap og i opne hyller. Her er store areal og store rom å varme opp. Det manglar brannalarm i den delen av bygget der gymsalen er. Ein må fysisk sjå at det brenn før ein kan evakuere og varsle.				
Planløysinga har god oversikt som fremjar tryggleik mot vald, truslar og grenseoverskridande åtferd (mobbing m.m.).	Det er høvesvis lang veg frå inngang via garderobar til klasserom, og løysinga er i seg sjølv lite føremålstenleg. Lågt elevtal gjer det likevel mogeleg, med god organisering, å ha grei oversikt over elevgruppa. Avstandane frå spesialrom til klasserom krev at ein har vaksne som følgjer elevgruppene.				
Nærmiljøfunksjon					
Skulen har funksjonar som er eigna for utlån og bruk til ulike føremål for nærmiljøet på ettermiddagar og i helger.	Skulen vert i dag ikkje nytta av nærmiljøet, anna enn som bibliotek ein ettermiddag i veka. Ein nyttar eigne grendehus til aktivitetar og arrangement i bygda. Per i dag er det eit låsesystem der nøkkel gjev tilgang til alle areal. Skulen har funksjonar og rom med potensiale til meir bruk av nærmiljøet, men manglande brannvarslingssystem og låseplan gjer det lite eigna som nærmiljøanlegg per no.				

2.4 Nesflaten skule

Namn på skule: Nesflaten skule					
Funksjonell analyse - elevfunksjonar	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Elevane sitt areal (klasse- og grupperom) har føremålstenleg utforming, riktig storleik og tilstrekkeleg mengd dagslys og utsyn. Arealane er funksjonelle og har tilgjengeleg utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Småtrinnet og mellomtrinnet har kvar sine hovudrom. Frå desse romma er det direkte tilgang til grupperom / delingsrom. Romma har dagslys og utsyn, med god akustikk. Enkel, klassisk møblering og inventar.				
Skuleanlegget har nødvendig areal og tilstrekkeleg tal på spesialrom og fellesareal. Arealane er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Skulen har spesialrom som dekkjer det meste av behov på ein så liten skule.				
	Kunst og handverk: Sløydsal med skåp/utstyr til naturfag. Funksjonelt møblert og utstyrt. Ved sidan av, og med transparens mellom, er det multirom til tekstilforming og arbeid med mjuke material. Sløydsal har nedskrudd varme. Manglar eige maskinrom.				
	Naturfag: kombinert med kunst og handverk				
	Bibliotek: Kombinasjonsbibliotek med boksamling og møteromsfasilitetar/møtebord. Nyttå som møterom av skule og andre, for eksempel FAU. Filialen av folkebiblioteket har ope ein ettermiddag i veka.				
	Musikk: Skulen har ikkje eige musikkrom	Ikkje vurdert			
	Kroppsøving: På plan 1 ligg gymsalen. Den har apparat- og stollager langs langside. Tilgang til jente- og gutegarderober via korridor. Funksjonell sal og garderober.				
	Mat & helse: På plan 1 er også skulekjøkenet. Rommet har to elevstasjonar, ingen av desse har hev / senk-funksjon. Skulen har undervisning i mat og helse kvart 3. år. Dette kan føre til at elevar som flyttar til eller frå, ikkje får undervisning i faget. For tida låg temperatur.				

Utforminga av areala (klasse- og grupperom, spesialrom) legg til rette for samhandling og variasjon i undervisninga.	Klasse- og grupperomma ligg i same sone, med enkel tilgjenge og transparens mellom romma. Ein kan enkelt veksle mellom undervisning i større grupper og deling dersom personaldekninga opnar for det. Det låge elevtalet gjer at ein enkelt kan ta i bruk spesialromma til alternativ og praktisk arbeid. Praksisen med nedjustert temperatur i romma kan hindre spontan bruk.				
Skuleanlegget har nødvendig og funksjonelt areal til elevgarderobar med WC.	Elevgarderoben er i korridor ved klasseromma. Klassisk opphengsfunksjon langs vegg. Elev-WC er i kjeller og i korridor ved bibliotek. Noko avstand, og dei yngste må forbi sona til dei eldste elevane.				
Skuleanlegget har fysisk tilrettelagde miljø for elevar med behov for alternativ pedagogikk eller tilrettelagt tilbod, til dømes stellerom, sanse- og spesialutstyr for forflytting.	Skulen har ikkje eigne rom eigna for elevar med større samansette hjelpebehov, som t.d. sanse- og stellerom med heiv/senk-stellebenk og heis. Med dagens elevtal vil ein likevel kunne omdisponere areal, og høvesvis enkelt kunne bygge om til føremålstenlege funksjonar.				
Utearealet er tilstrekkeleg stort og tilbyr eit rikt, variert og trygt aktivitetstilbod. Tilkomsten er tilgjengeleg og trafikksikker.	Utearealet er stort til dagens elevgruppe. Tilgang til mange apparat og ulike funksjonar for lek og idrett. Tilgang til oppvarma utebasseng. Enkel tilgang til turterreng.				
Funksjonell analyse - tilsettefunksjonar					
Skulebygget har nok og funksjonelt areal til lærararbeidsplassar.	Skulen har eitt kontor for lærarane. Rommet er funksjonelt og har god storleik. God akustikk, gode lystilhøve. Høveleg innreiing.				
Støttefunksjonar for tilsette (personalrom, garderobar, kopirom, møte- og samtalerom osv.) er tilstrekkeleg store og funksjonelle.	Nær lærararbeidsplassane har skulen materiallager og kopirom. Møterom lyt ein sambruke med andre funksjonar, eksempelvis bibliotek, rom for helsesjukepleiar eller rektor sitt kontor. Personalgarderoben er oppheng til klede i gang, med tilgang til toalett. Ikkje kjønnsdelt garderobe. Dusj i lærargarderobe i gymgarderobar.				
Leing og administrasjon har tilstrekkeleg og eigna areal.	Rektor har eige kontor ved personalrom og i nærleik av lærararbeidsplassane. Funksjonelt, med kontorpult, lite møterom og skjerm på vegg. Dagslys og utsyn.				

Elevtenesta (helse og PPT) har funksjonelle og tilgjengelege rom.	Helsesjukepleiar og PPT deler kontor. Dei har kontortid ein dag i månaden kvar. Funksjonelt rom, enkelt tilgjengeleg både for elevar, tilsette og foreldre.				
Drift- og reinhaldsfunksjonane er funksjonelle og legg til rette for effektiv drift.	Skulen har reinhaldssentral med nødvendige funksjonar på plan 1. Det er også reinhaldsrom på plan 2.				
Flyt, kommunikasjon og tryggleik					
Planløysinga i skuleanlegget sikrar god flyt og likeverdig tilgang til alle nødvendige funksjonar for elevar og tilsette.	Planløysinga i skuleanlegget sikrar god flyt og likeverdig tilgang til alle nødvendige funksjonar for elevar og tilsette. Lesbart og oversiktleg bygg.				
Planløysinga i skuleanlegget sikrar effektiv bygningsdrift.	Bygget er enkelt å drifte og med overflater som er enkle å halde reine. Det meste av aktivitet, med unntak av kroppsøving, føregår på eitt plan. Garderobe i gang gjer at det ikkje er skilje mellom rein og skiten sone.				
Planløysinga har god oversikt som fremjar tryggleik mot vald, truslar og grenseoverskridande åtferd (mobbing m.m.).	Skulen har enkel og oversiktleg planløysing. Funksjonane har logisk plassering. Arealet er lite og enkelt å finne fram i. Mykje transparens i elevareala er gunstig med tanke på tryggleik og oversikt. Noko uheldig med plassering av toalett.				
Nærmiljøfunksjon					
Skulen har funksjonar som er eigna for utlån og bruk til ulike føremål for nærmiljøet på ettermiddagar og i helger.	Skulen har filial av folkebiblioteket, ope ein ettermiddag i veka. Noko utlån av gymsal ettermiddag. Dei fleste arrangement i bygda, for eksempel 17. mai, føregår i samfunnshuset. Enkelt å sonedele til utlån.				

2.5 Sand skule

Namn på skule: Sand skule					
Funksjonell analyse - elevfunksjonar	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Elevane sitt areal (klasse- og grupperom) har føremålstenleg utforming, riktig storleik og tilstrekkeleg mengd dagslys og utsyn. Areala er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Skulen manglar per i dag eitt klasserom, og nyttar derfor musikkrommet som klasserom til ein klasse på ungdomstrinnet. Framskriving av elevtal tyder på at ein kan ta musikkrommet tilbake som spesialrom. Alle klasseromma har utsyn og dagslys. Romma har god geometri, rektangulær form med tydeleg retning og dagslys frå sida. Tradisjonell og enkel innreiing. Nokre klasserom har lett tilgjengelege grupperom, andre har grupperom med noko avstand. Dette gjer bruken vanskelegare, og krev meir vaksenressurs. Fleire grupperom har berre tilkomst frå klasserom, noko som gjev mindre fleksibilitet. Ein del grupperom har dagslys. Det er bra akustikk i elevareala. Klasseromma har glasfelt mot korridor / fellesareal. Dette gjev transparens og kan gjere det lettare å orientere seg i anlegget. Fleire av glasfelta er likevel tildekte med maling / frosting. Skulen bør vurdere om dette er føremålstenleg. Klasseromma til elevane i innføringsklassane er høvesvis små, og gjev lite høve til variasjon i metode og praktisk undervisning.				
Skuleanlegget har nødvendig areal og tilstrekkeleg tal på spesialrom og fellesareal. Areala er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Kroppsøving: Tradisjonell gymsal som primært vert brukt av barneskulen. Del av hovudbygget. Har garderobar i kjellar, noko som ikkje er ideelt med tanke på tryggleik og oversikt over elevar. Utstyrslager i enden av sal kan opplevast meir utrygt enn lager på sidevegg. Det er ope inn til lager, noko som gjer at det er vanskeleg å skjerme utstyr frå ettermiddagsbruk og utleige. Idrettshallen like ved, vert nytta av ungdomstrinnet (sambruk med vidaregåande). Denne vart ikkje synfart. Kort avstand, men likevel mindre ideelt med idrettsareal i anna bygg.				

	Kunst og handverk: Ligg i 1. etasje i tilbygget, tilkopa hovudbygget med gangbru i 2. etg. K&h-arealet har tre avdelingar; sløydsal, keramikk/maling og tekstil. Samla areal er høvesvis stort, og ein kan ha plass til to mellomtrinnsklassar parallelt. På ungdomstrinnet er det berre plass til ein klasse om gongen med dagens elevtal og kullstorleik. Det er positivt at ein kan jobbe parallelt med ulike material og teknikkar i samansette og tverrfaglege prosjekt. Skulen opplever at sløydsal er noko liten, berre med plass til 15 elevar. Ein del sager og maskiner, t.d. bandsag, står inne i undervisningsarealet utan forsvarleg skjerming. Desse bør sikrast, eventuelt flyttast til maskinrom / lager. Sponavsug er midlertidig defekt. For låg kapasitet med tanke på både undervisning i k&h og valfag med dagens elevtal.				
	Naturfag: Naturfagrommet ligg i andre etasje i tilbygget. Det har lager/førebuingsrom like ved. Rommet har dagslys frå enden, noko som kan skape krevjande lystilhøve mot tavle/lærar. Enkel møblering, noko skaplass til utstyr, men potensiale til å vere eit meir inspirerende rom med meir glasskap, utstilling og utstyr. I liten grad rigga for forsøk på stasjonar, t.d. med uttak for straum, vatn, avsug etc. Nok kapasitet.				
	Musikk: Skulen har tatt i bruk musikkrom til klasserom. Her manglar vask. Lys inn frå kortvegg kan vere krevjande. Musikkundervisninga føregår no på klasseromma. Dette er ikkje føremålstenleg, og gjer det meir krevjande med tanke på mellom anna musisering, lydsmitte og akustiske tilhøve.				
	Mat og helse: Ligg ved gymsal, og kan tene som kjøken i eit nærmiljøanlegg. Tradisjonelle stasjonar i øyer. Eldre komfyrar. Ikkje uu-stasjon for elevar. Ligg heldig plassert rett ved kantina.				
	Bibliotek: Skulen har to bibliotek; eitt for barnetrinnet og eitt for ungdomstrinnet. Biblioteka har boksamlingar i hyller, og elles enkel møblering. Har potensiale til meir variert og tiltalende møblering. Manglar dagslys.				

	SFO-base: Ligg sentralt plassert i området ved 1. – 4. trinn. Høvesvis stort areal, samanlikna med mange skular. Krev likevel sambruk av areal med skule og klassar. Godt dagslys, direkte utgang, enkel kjøkenfunksjon.				
Utforminga av areala (klasse- og grupperom, spesialrom) legg til rette for samhandling og variasjon i undervisninga.	Ein del av spesialromma ligg i eige bygg, og / eller med noko avstand til mange av klasseareala. Det kan føre til at terskelen for å nytte dei vert noko høg. Ein opplever for liten kapasitet på spesialromma til det talet elevar som er på skulen i dag. Det er lite møblert fellesareal der klassar kan møtes på tvers, for eksempel på stasjonar. Noko fellesareal har potensiale til anna og meir variert møblering. Kantine er i ungdomstrinnarealet, og er lite tilgjengeleg for barnetrinnet.				
Skuleanlegget har nødvendig og funksjonelt areal til elevgarderobar med WC.	På småtrinnet har klassane gode garderobetilhøve. To og to klassar deler garderobe. Desse garderobane har høveleg innreiing og er oversiktlege.				
	Mellomtrinnet har ikkje eigne garderobar, men oppheng for klede delvis i korridor. Desse garderobeløysingane har ikkje like høveleg innreiing og nokre ligg med lang avstand til klasserommet. Manglande korrespondanse mellom garderobefunksjon og WC.				
	Ungdomstrinnet har oppheng for klede i korridor, og manglar elles høveleg innreiing. Manglande korrespondanse mellom garderobefunksjon og WC.				
Skuleanlegget har fysisk tilrettelagde miljø for elevar med behov for alternativ pedagogikk eller tilrettelagt tilbod, til dømes stellerom, sanse- og spesialutstyr for forflytning.	Skulen har HC-toalett med dusj i begge etasjar i hovudbygget. Romma har ikkje hev senk stellebenk eller travers takheis. Ein har heller ikkje sanse- eller andre rom / areal godt eigna for elevar med større samansette vanskar. Nokre grupperom er i dag nytta til elevar som treng skjerming større delar av dagen. Dette gjer tilgangen på grupperom for klassane meir krevjande.				
Utearealet er tilstrekkeleg stort og tilbyr eit rikt, variert og trygt aktivitetstilbod. Tilkomsten er tilgjengeleg og trafikksikker.	Dei fleste elevane på barnetrinnet kan gå / går til skulen. Ungdomsskuleelevar frå andre avgjevarskular har skyss. Skulen opplever at innkjørsel er uoversiktlege. Utearealet er skilt frå trafikk. Per i dag har skulen felles friminutt. Utearealet er sonedelt; nokre areal for barnetrinn og nokre for ungdomstrinnet. Arealet for særleg ungdomstrinnet framstår fattig på apparat og funksjonar. Skulen har enkel tilgang til turstiar, skog, fjell og fjøre.				

Funksjonell analyse - tilsettefunksjonar					
Skulebygget har nok og funksjonelt areal til lærararbeidsplassar.	Kvart trinn på ungdomstrinnet har eige kontor, med frå 8-10 arbeidsplassar. Kontoret for 9. trinn ligg langt vekk frå dei andre kontora og elevareala på ungdomstrinnet. Heile barnetrinnet delar eitt kontor. Dette er krevjande i høve krav til areal. Av planteikningane framgår det at rom som opphavsleg var tenkt som kontor for lærarar, i dag vert nytta som grupperom/delingsrom. Det er eit rom til lærararbeidsplassar i fyrste etasje. Dette rommet er utan dagslys, og ikkje godkjent som arbeidsplass. I kapasitetsberekningane vert dette rommet ikkje tatt med.				
Støttefunksjonar for tilsette (personalrom, garderober, kopirom, møte- og samtalerom osv.) er tilstrekkeleg store og funksjonelle.	Personalrommet er tiltalende, med god utsikt og lysinnslepp, men har noko lite plassar når alle skal vere samla. Enkel kjøkenfunksjon. Personalgarderoben ligg rett ved personalrommet og nær dei fleste kontora for lærarar. Består av opphengsfunksjon i korridor, med tilgang til toalett. Manglar dusj og er ikkje kjønnsdelt. Skulen manglar møterom og rom for konfidensielle samtalar.				
Leiing og administrasjon har tilstrekkeleg og eigna areal.	Leiinga har kontor i mørk kjerne av bygget, utan dagslys eller med indirekte dagslys. Rektor sitt kontor fungerer også som møterom. Kontora til leiinga ligg ikkje samla i bygget, noko som kan gjere dagleg samhandling meir krevjande. Kontor til to rådgjevarar ligg utan dagslys.				
Elevtenesta (helse og PPT) har funksjonelle og tilgjengelege rom.	Helsesjukepleiar har eige kontor sentralt i bygget, med enkel tilkomst frå foaje og elevareal. Rommet har arbeidsplass og ei sitjegruppe eigna for samtalar. Helsesjukepleiar opplever at det kan vere lydsmitte frå naborom, og ho høyrer godt lyd frå klasserommet ved sidan av. Ein vurderer likevel at det ikkje er meir lydsmitte her, enn mellom kontor på helsebygget. Har ikkje toalett eller diskret ventesone. PP-tenesta har ikkje eige kontor.				
Drift- og reinhaldsfunksjonane er funksjonelle og legg til rette for effektiv drift.	Reinhald har reinhaldssentral og bøttekott av bra storleik. Kan med fordel få betre system for lagring og oppbevaring av utstyr. Skulen har eigen kjøkenhage. Alt matavfall vert til kompost som ein nyttar i hagedrifta. Det er avfallsrom ute. Skulen manglar eige varemottak. Det er eige vaktmeisterkontor i skulen.				
Flyt, kommunikasjon og tryggleik					

Planløysinga i skuleanlegget sikrar god flyt og likeverdig tilgang til alle nødvendige funksjonar for elevar og tilsette.	Ei stor, indre, mørk kjerne skapar korridorar som kan vere vanskelege å intuitivt orientere seg i. Dei mange glasfelta er stengde med persiennar eller frosting, noko som forsterkar ei lukka kjensle. Hovudstega er samla i soner, med unntak av at 6. trinn er inne i små-trinnsona fordi 2. trinn treng stort klasserom. Det er lite føremålstenleg at garderober har så stor avstand til klasserom, og at lærararbeidsplassar har avstand til læringsareal og andre lærararbeidsplassar. Det er løfteplattform, ikkje heis, i bygget. Dette gjev ikkje fullt ut likeverdig tilkomst til areal i ulike etasjar. Det er ikkje heis i tilbygget. Tilkomst mellom etasjane i tilbygget er berre utvendig.				
Planløysinga i skuleanlegget sikrar effektiv bygningsdrift.	Det er ikkje tilstrekkeleg tal garderober for det talet klassar som er i skulen. Garderobefunksjon i korridor gjer det vanskeleg å skilje rein og skiten sone. To bygg gjev mindre effektiv bygningsdrift.				
Planløysinga har god oversikt som fremjar tryggleik mot vald, truslar og grenseoverskridande åtferd (mobbing m.m.).	Desentraliserte inngangar og garderober kan vere trygt for elevane. Samstundes er det vanskelegare å ha kontroll på kven som til ei kvar tid er i anlegget. Det er uheldig at skulen har blenda mange av glasfelta som kan gje oversikt, innsyn og skape tryggleik; Ein i utgangspunktet lukka struktur vert endå meir lukka. Garderober på småsteget er oversiktlege. Det er uheldig at gymgarderober ligg i ein annan etasje enn gymsal; det gjer det krevjande for lærar å ha kontroll i overgangssituasjonar. Garderobeanlegget har to og to garderober som deler ei dusjsone; det kan gjere nokre elevar utrygge med tanke på kva elevar som møter dei frå den andre garderoben.				
Nærmiljøfunksjon					
Skulen har funksjonar som er eigna for utlån og bruk til ulike føremål for nærmiljøet på ettermiddagar og i helger.	Skulen leiger ut gymsal kvar ettermiddag heile veka. Det er nærleik mellom gymsal og skulekjøken, og høve til å stenge av utleigesona frå skulen sine meir private område. Dette fordrar oppdatert låseplan og nøkkelsystem, t.d. til musikkrommet som i dag vert nytta som klasserom.				

2.6 Vinjar skule

Namn på skule: Vinjar skule					
Funksjonell analyse - elevfunksjonar	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Elevane sitt areal (klasse- og grupperom) har føremålstenleg utforming, riktig storleik og tilstrekkeleg mengd dagslys og utsyn. Areal er funksjonelle og har tilgjenge, utforming og utstyr som sikrar ei god brukaroppleving.	Kvar elevgruppe i skulen har sitt eige klasserom, for det meste med tilstøytane grupperom. Romma har for det meste god og føremålstenleg geometri, men nokon har ei breidde som gjer at einskilde elevar kjem høvesvis langt ut på sida av klasserommet og får dårleg vinkel mot skjerm. Enkel, klassisk og ryddig møblering, for det meste med same grunnutrusting i alle klasserom: Pult, stol, to høgskap og «preikestol» til lærar. God og romsleg romstorlek med dagens elevtal. Dagslys og utsyn frå alle klasserom. Mediatek er teke i bruk som klasserom; dette har i overkant mykje lys inn i rommet. Innvendig solskjerming med persienner er ikkje optimalt med tanke på drift og soliditet, men skulen vurderer at det fungerer greitt. Akustikk opplevast god i klasseromma. Ein del transparens via glasflater og innvendige vindauger. Mange av desse synes blenda; dette bør ein vurdere om er føremålstenleg.				
	Skulen har gode og lett tilgjengelege spesialrom. Kunst og Handverk: avdeling med sløydsal og tekstil-sal, med tilhøyrande lager. God funksjonalitet. Godt utrusta og funksjonelle. Manglar eige maskinrom til sløydsal. Naturfag: Eige naturfagrom med mykje utstyr. Nær andre verkstadareal på skulen. Musikk: Skulen har eit flott musikkrom med sittesone / sitteamfi langs tre veggjar. God golv plass. Trommesett og piano. Gode og funksjonelle rom for lagring. Sambruk med kulturskule. Kroppsøving: Skulen har eigen gymsal med funksjonelle garderobar og materiallager. Vert nytta til utleige og bruk ettermiddagar. Gymsal var ikkje synfart.				

	Mat og helse: Det er skulekjøken med fire elevstasjonar og eiga spisesone. Hev/senk-stasjon manglar. Gode skap og rom til lagring av mat og utstyr. Eige kjølerom.				
	Bibliotek: Det er stort kombinasjonsbibliotek på Vinjar skule. Det er fleire avdelingar, stor boksamling og potensiale til meir sonedeling og varm, variert og imøtekomande møblering tilpassa ulike aldrar. Enkel tilkomst utanfrå direkte til funksjonen.				
	SFO: SFO-basen ligg under klasseromsareala, og vert nytta til undervisning / deling i skuletida. I år vert 2. klasse prioritert fordi det er ein stor klasse. Funksjonelt rom med eige tekjøggen. Ligg nær spesialrom.				
Utforminga av areala (klasse- og grupperom, spesialrom) legg til rette for samhandling og variasjon i undervisninga.	I høve dagens elevtal er romma store. Grupperomma ligg lett tilgjengelege, dei fleste med transparens inn mot klasseromma. Mange grupperom har tilgang også frå fellesareal. Det gir god fleksibilitet i bruk. Klasseromma ligg nær einannan langs korridor i eiga sone i skulen. Slik sett kan ein samarbeide om klassar og undervisning. Det er likevel lite felles areal nær og mellom klasseromma der ein kan ta ut elevar og jobbe på tvers i andre typar læringsareal.				
Skuleanlegget har nødvendig og funksjonelt areal til elevgarderobar med WC.	Garderobefasilitetane for elevane varierer i kvalitet. Dei fleste har bra plass og er oversiktlege. Nokre klassar har eigne garderobar, andre klassar har garderobeløysningar i korridor. Dei fleste klassane har kort veg frå inngang, via garderobe til klasserom. Nokre klassar har likevel ein litt lang veg frå inngangsdør til garderobe og klasserom. Nokre klassar nyttar hovudinngangen som inngang, det er mindre heldig. Det er elevtoalett godt fordelt på skulen. Toaletta er funksjonelle med god kvalitet.				
Skuleanlegget har fysisk tilrettelagde miljø for elevar med behov for alternativ pedagogikk eller tilrettelagt tilbod, til dømes stellerom, sanse- og spesialutstyr for forflytning.	Skulen har ikkje eigne sanse- eller stellerom med heve-senk stellerbord. Men skulen har tilgjengelege rom med bra plassering som høvesvis enkelt kan setjast i stand til slik bruk, for eksempel HCWC med dusj. Det er mange typar rom i skulen som kan vere eigna både for skjerming, fellesskap og alternativ praksis.				

Utearealet er tilstrekkeleg stort og tilbyr eit rikt, variert og trygt aktivitetstilbod. Tilkomsten er tilgjengeleg og trafikksikker.	Utearealet ved skulen er ryddig og oversiktleg. Det er soner for ulik aktivitet rundt bygget. Tilgang på ballbanar. Litt lite variert. Gode turmoglegheiter.				
Funksjonell analyse - tilsettefunksjonar					
Skulebygget har nok og funksjonelt areal til lærararbeidsplassar.	Alle pedagogane er samla i eitt arbeidsrom på øvste plan. Rommet er stort nok, har stor takhøgde og godt lysinnslepp. Praktisk kopi- og lagerrom ved sidan av. Gode arbeidspultar, praktisk oppbevaring. Gode akustiske tilhøve. Noko avstand frå både elevareal og leiing.				
Støttefunksjonar for tilsette (personalrom, garderober, kopirom, møte- og samtalerom osv.) er tilstrekkeleg store og funksjonelle.	Eit flott personalrom med mykje dagslys og vakker utsikt. Tekjøkken og tilgang til terrasse. Vakkert møblert. Gode kvaliteter. Vert nytta til pause, ikkje som møterom. Med inngang frå personalrommet ligg skulen sitt einaste «dedikerte» møterom. Rommet vert nytta til foreldresamtalar, møter med støttetjenester og anna. Uheldig at det er inngang til møterom frå personalrom. Kombinert tilsettegarderobe og materiallager like ved personalrom, med enkel tilgang til toalett. Ikkje kjønnsdelt garderobe. Personaldusj i underetasje.				
Leing og administrasjon har tilstrekkeleg og eigna areal.	Rektor har kontor i hovudetasjen, nær hovudinngangen. Arbeidspult og enkelt møtebord. Dagslys og utsyn, men samstundes også stor grad av innsyn. Rektor opplever ikkje dette som problematisk, men må trekke for persienner ved møter og samtalar som krev diskresjon. Svært uheldig plassering av rom for driftspersonell i sona. Dette er ei uheldig prioritering av areal. Her bør avdelingsleiar ha prioritet, og ein bør eventuelt søke å finne andre kontor/rom til vaktmeister. Reinhald og vaktmeister bør ha pauserom saman med resten av skulen.				
Elevtenesta (helse og PPT) har funksjonelle og tilgjengelege rom.	Ved sidan av rektors kontor finn vi kontor for helsesjukepleiar. Rommet er funksjonelt, med akseptabel tilgjenge for elevane.				

Drift- og reinhaldsfunksjonane er funksjonelle og legg til rette for effektiv drift.	På andre sida av rektors kontor er eit rom som vert nytta som kombinert kontor / møterom for vaktmeister og reinhaldar. Skulen har reinhaldssentral med plass til vagn, nokre maskiner og noko lagring. Kan søke betre system for lagring av papir. Det er felles bosshus for skulen og Vinjar barnehage. Dette fungerer godt.				
Flyt, kommunikasjon og tryggleik					
Planløysinga i skuleanlegget sikrar god flyt og likeverdig tilgang til alle nødvendige funksjonar for elevar og tilsette.	Skulen ligg over fleire plan i eitt heilskapleg anlegg. Mange etasjar kan gje noko tung logistikk. Ein finn ikkje intuitivt fram, og det manglar noko skilting som viser namn på funksjonar og vegen til funksjonar. Heis plassert sentralt i bygget server alle funksjonar på akseptabelt vis. Skulen manglar eit naturleg sentrum og tydeleg hovudinngang som er enkel å orientere seg ut i frå.				
Planløysinga i skuleanlegget sikrar effektiv bygningsdrift.	Noko lange avstandar frå inngang til garderobe kan føre til at ein dreg meir skit inn. Bygg over fleire etasjar er meir tungvindt å vaske enn bygg på færre plan. Enkel varelevering.				
Planløysinga har god oversikt som fremjar tryggleik mot vald, truslar og grenseoverskridande åtferd (mobbing m.m.).	Desentraliserte inngangar kan fremje trygge overgangssituasjonar. Det er likevel lange avstandar frå klasse til utgangsdør kan vere krevjande i overgangssituasjonar mellom undervisning og friminutt. Byggets mange plan og inngangar gjere det krevjande å ha oversikt over kven som kjem til / er i bygget. Litt mykje korridorar, krokar og dører kan gjere det vanskeleg å ha god oversikt og kontroll. Sentralisert tilsettareal ligg med avstand til elevareal, dette forsterkar.				
Nærmiljøfunksjon					
Skulen har funksjonar som er eigna for utlån og bruk til ulike føremål for nærmiljøet på ettermiddagar og i helger.	Skulen vert nytta av kulturskulen og som folkebibliotek. Personalrommet vert lånt/ leigd ut til møte, for eksempel i FAU. Det er korps og kor i musikkrommet. Skulen har mange attraktive rom og funksjonar for nærmiljøet.				

3 Funksjonell eignaheitsvurdering barnehage

3.1 Jelsa oppvekstsenter

Funksjonell analyse - Leike- og opphaldsareal	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Leike- og opphaldsarealet er formålstenleg innreidd og lagt til rette for barns aktivitet, kvile og medverknad.	Barnehagen har ein tradisjonell innreiing, men det er stor slitasje. Høge bord og stolar tar mykje plass i avdelingsrommet. Det er ikkje i stor nok grad lagt til rette for eit leikemiljø der born sølv kan utvikle leik over tid. Mykje gamal møblering, som ikkje er tilpassa romma og tiltenkt pedagogikk.				
Leike- og opphaldsarealet har gode fysiske kvalitetar med godt inneklima, gode lys og lydforhold.	Det er ustabil varme frå gamle panelomnar. Romma tilgang til dagslys og utsyn frå aller om, men overbygg og panel som ikkje er malt, gjer eit inntrykk av at det er mørkt enkelte stader. Luftkvalitet, lyd og temperatur er varierende, og ikkje i samsvar med krav for miljø og helse for barnehagar i den delen som tidlegare var legekantor.				
Barnehagen har fellesareal og møteplassar, og leike- og opphaldsarealet kan tilpassast og leggjast til rette både for grupper og enkeltbarns behov på tvers av grupper/avdelingar.	Barnehagen har eit felles opphaldsareal, og to grupperom. I tillegg nyttar dei det gamle legekantoret og gymsal.				
Leike- og opphaldsareal inne har god kontakt uteområdet.	Det er kontakt med uteområdet frå avdelingsrommet. Frå garderoben er det utsyn gjennom vindauge i dør og høgt på vegg over knaggrekke.				
Funksjonell analyse - støtteareal					
Barnehageanlegget har nødvendig støtteareal i nærleik av leike- og opphaldsareal.	Barnehagen har alle funksjonane dei treng, men støtteareal som garderobe og plass til nærlagring av materiale og utstyr. Det er ikkje i tilstrekkeleg grad lagt til rette for gode ergonomiske forhold for tilsette, medverknad for barn og universell tilgang for alle. Det er for dårleg system for oppbevaring og lagring i avdeling og støtteareal.				
Det er god nok plass og formålstenleg innreiing i garderobane til barna, og garderobane legg til rette for medverknad frå barn.	Grovgarderoben er for trong til at barn kan finne fram eige klede, kle av og på seg sjølve, eller med hjelp frå vaksne.				

Det er enkel tilgang til toalett frå både rein og skitten sone.	Det er tilgang til toalett, som ikkje er UU				
Stelleromma har god nok kapasitet og er formålstenleg innreidd.	Stellerommet manglar hev-/senk stellebord, og har stor slitasje. Toalett på stellerom har ikkje avgrensa område mot andre funksjoner, og vaskemaskin er plassert rett ved toalett.				
Barnehagen har funksjonell lagringskapasitet i form av nærlagring og fellesslager.	Barnehagen har eit lager som ligg mellom grupperom og avdelingsrom. Det manglar funksjonelle lagringssystem elles i barnehagen. Eksempelvis lagrast tursekker på stellerommet. Det lagrast mykje utstyr i høgda, over kjøkkenskap, tørkeskap og garderoreskap.				
Funksjon for søvn/kvile legg til rette for trygge rammer for barnet, tryggleik og god søvnkvalitet.	Barn søv ute under tak. Vogner står inne i gangen på skulen. Med det elev- og barnetal som oppvekstsenteret har i dag, er dette ei grei ordning				
Barnehagen har kjøkkenfunksjon som bidreg til god pedagogisk praksis og mattryggleik.	Kjøkken er ei eiga sone i opphaldsrommet. Det er enkel og noko slitt standard. Kjøleskap står separat frå innreiing, og vatnkokar sto på synfaringstidspunkt eksponert i barn si rekkevidde.				
Barnehagens reinhaldsrom er plassert sentralt og tilgjengeleg, har rett storleik, og er innreidd for eit godt og effektivt reinhald.	Reinhaldsrom er for trangt og plassert i personalsona mellom skule og barnehage/gymsal. Rommet legg ikkje til rette for eit effektivt reinhald, med skilje mellom rein og skitten sone. Det legg heller ikkje opp til gode ergonomiske forhold for reinhaldar.				
Barnehagen har plass til trygg varelevering og lagring av varer i nærleik av inngang.	Barnehagen har ikkje eige område for varelevering				
Funksjonell analyse - Personalareal					
Tilsettfunksjonane har formålstenleg plassering, utforming, storleik og mengd dagslys.	Barnehageareala ber preg av eldre strandar, og er ikkje i stor nok grad føremålstenleg i tråd med krav i HMS og arbeidsmiljølova.				
Barnehageanlegget har naudsynt areal/tal på pedagogarbeidsplassar.	Ja - arealet tilfredsstiller krav til ein arbeidsplass.				
Barnehageanlegget har og eigna kontor og møterom.	Saman med skulen				
Barnehageanlegget har nødvendige og eigna støttefunksjonar til personalet - som garderober og toalett	Det er ikkje tilstrekkeleg garderoberareal, reinhalsfunksjon og				

	støttefunksjonar for eit ergonomisk godt arbeidsmiljø. Bygget er ikkje universelt utforma, då det er tronge inngangar, og støttefunksjonar som gjer fleire område mindre tilgjengelege og brukbare.				
Avdelingar, basar og støtteareal har areal, utforming og kvalitet som bidreg til godt ergonomisk arbeidsmiljø og HMS.	Det er plassmangel i garderobe, toalett, nærlagring og system for dette. Golvbelegg og overflatar er slitt, og legg ikkje til rette for eit godt og effektivt reinhald.				
Funksjonell analyse – planløysing, samarbeid og tryggleik					
Barnehagens fysiske utforming legg til rette for samarbeid og effektiv og formålstenleg barnehagedrift.	Det er små forhold, som gjer at dei tilsette må samarbeide tett. Strukturen i barnehagedelen er lukka, utan transparens mellom rom. For å kunne ha god nok oversikt, må dører mellom rom vere opne.				
Planløysinga i barnehageanlegget sikrar enkel og effektiv tilgang til naudsynte funksjonar for barn og tilsette.	Planløysing gjer ikkje enkelt tilgang til personalfunksjonar, og støtteareal som lager, garderobe og toalett for personalet. Logistikk for oppbevaring av vogner i vestibyle er ikkje optimal med tanke på tilgang og funksjonalitet.				
Barnehagen har gode skilje mellom reine og skitne soner.	For trong grovgarderobe, gjer at aktivitet i rommet flyttast inn i fingardarobe. Grovgarderobe ligg mellom gammalt legekantor og avdelinga. Skilje mellom rein og skiten sone, vert ikkje halde ved like.				
Det er tilstrekkeleg grad av transparens mellom kommunikasjonsareal og leike- og opphaldsareal, for å førebyggje mot grenseoverskridande åtferd, vald og terror.	Det er ikkje transparens, eller innsyn mellom rom.				
Planløysing og utforming har universell utforming (UU), og låg terskel for bruk.	Planløysinga er ikkje eigna for folk med rullestol. Det er trengt i inngangspartiet til barnehagen og det er trengt mellom rom og i støtteareal				
Funksjonell analyse – uteområde					
Uteområdet er stort nok og tilfredsstillar krav til areal iht. norm (minst 6 gonger større enn godkjend LOA inne).	Området er stort og variert				
Uteområdet er variert og utforma og lagt til rette med bakgrunn i utviklinga og behovet til aldersgruppa.	Området er variert, og har skulen som nabo, med meir variasjon om det er behov.				
Området er oversiktleg og risikovurdert med omsyn til ulykke og skade.	Området ligg skjerna, og det er trygge trafikkforhold. Det er usikkerheit om i kva grad				

	området er risikovurdert. Det er utfordring med drenering i skrått terreng. Dette må utbetrast med jamne mellomrom.				
Området har grønne kvalitetar og tilgang til natur.	Flott natur og utsyn frå barnehagen. Fine turmoglegheiter.				
Konteksten rundt barnehagen er oversiktleg og trygg og ein er ikkje utsett for støy over grenseverdiar (gul støysone eller over).	Området rundt barnehagen er trygt. Trafikk til skulen er skilt frå parkeringsplass for barnehagen. Det er trygg gangsone frå parkering og inn mot port.				
Leikeapparata og dekk til barnehagen er heile og godt vedlikehaldne. Overvatn er handtert.	Leikeapparat er ikkje vurdert, men det gjennomførast leikeplasskontroll årleg.				
Uteområdet har overbygg og område der ein kan leika i le for sol, regn og vind.	Barnehagen har overbygg med god plass inn mot bygget				
Området er sikra med soner og gjerde ut mot tilstøytane areal på ein trygg og forsvarleg måte.	Ja				

3.2 Sand barnehage

3.2.1 Randåsen

Funksjonell analyse - Leike- og opphaldsareal	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Leike- og opphaldsarealet er formålstenleg innreidd og lagt til rette for barns aktivitet, kvile og medverknad.	Barnehagen har jobba godt med å få møblar med barn si høgd. Det er god orden, oversiktleg og plass til inntrykk i bilete, pedagogisk dokumentasjon og ASK på stader der barn kan gjere nytte av det.				
Leike- og opphaldsarealet har gode fysiske kvalitetar med godt inn klima, gode lys og lydforhold.	Enkelte rom har utfordringar med lyd gjennomgang og akustikk. Luft opplevast som tung enkelte stader og det er mykje lukt som ikkje trekk ut.				
Barnehagen har fellesareal og møteplassar, og leike- og opphaldsarealet kan tilpassast og leggast til rette både for grupper og enkeltbarns behov på tvers av grupper/avdelingar.	Barnehagen har ikkje noko fellesareal. Avdelingane har tre rom kvar, og kan legge til rette for enkeltbarn ved behov.				
Leike- og opphaldsareal inne har god kontakt uteområdet.	Det er store vindauge i alle avdelingsrom, og ut mot uteområdet.				
Funksjonell analyse – støtteareal					
Barnehageanlegget har nødvendig støtteareal i nærleik av leike- og opphaldsareal.	Det er god planløyising i avdelinga, men grovgarderobane er for tronge. Dette gjer det vanskeleg å skilje mellom rein og skitten sone, og for å leggje til rette for medverknad frå barn og gode ergonomiske høve for dei tilsette. Tronge grovgarderobar gjer også manglande tilgjengelegheit for brukarar som treng hjelpemiddel til bevegelse. Den eine garderoben ligg midt i bygget, og er også personalavdeling. Stellerom er for tronge for å kunne møte krav til tilgjengelegheit og brukbarheit for alle.				
Det er god nok plass og formålstenleg innreiing i garderobane til barna, og garderobane legg til rette for medverknad frå barn.	Garderobane er for små for og har ikkje plass til innreiing som legg til rette for barns medverknad. Det er betydelege barrierar for personar med trong for hjelpemiddel, eller personar med mobilitetsvanskar.				
Det er enkel tilgang til toalett frå både rein og skitten sone.	Ikkje UU-tilgang for alle				

Stelleromma har god nok kapasitet og er formålstenleg innreidd.	Tronge stellerom, som i liten grad vektlegg barn si medverknad, og ergonomi for tilsette. Toalett på stellerom står tett på anna innreiing. Toalett i stellerom bør ha eit avgrensa område for å unngå smittefarleg materiale frå toalett til stellebenk og vask. Toalett bør også ha eit område, der dei som nyttar det får sitte i fred for andre aktiviteter i rommet.				
Barnehagen har funksjonell lagringskapasitet i form av nærlagring og fellesslager.	Det er eit nærlager på kvar avdeling, men det manglar eit litt større fellesslager.				
Funksjon for søvn/kvile legg til rette for trygge rammer for barnet, tryggleik og god søvnkvalitet.	Barna sover i vogner under overbygg. Det er ikkje rom for lagring av vogner og soveposar i isolert rom. Garderobe og HCWC nyttast til oppbevaring.				
Barnehagen har kjøkkenfunksjon som bidreg til god pedagogisk praksis og mattryggleik.	Barnehagen har eit felleskjøkken, som ikkje er lagt til rette for medverknad og pedagogisk praksis. Matvarer kjem inn gjennom dør frå utsida. Det er ikkje tilrettelagt for avsetningsplass for matvarer. Denne døra nyttast også som dør ut til kontor i kjellarrommet. Skilje mellom rein og skiten sone vert ikkje oppretthaldt i kjøkken.				
Barnehagens reinhaldsrom er plassert sentralt og tilgjengeleg, har rett storleik, og er innreidd for eit godt og effektivt reinhald.	Reinhaldsrommet er for trangt for å kunne organisere reint og skitent i rommet, og dei ergonomiske høva for reinhaldar er ikkje ivareteke.				
Barnehagen har plass til trygg varelevering og lagring av varer i nærleik av inngang.	Varelevering skjer gjennom kjøkken. Det er ikkje avsett tilstrekkeleg plass til varer.				
Funksjonell analyse - Personalareal					
Tilsettfunksjonane har formålstenleg plassering, utforming, storleik og mengd dagslys.	Personalet har inngang gjennom avdelingsinngang og kjøkken, og vidare inn i garderobar. Plassen er ikkje stor nok, og det er tydeleg lydgjennomgang mellom avdelingsareal og personalfunksjonar.				
Barnehageanlegget har naudsynt areal/tal på pedagogarbeidsplassar.	Rommet på 9,9 m ² er for trangt for tal på arbeidsplassar.				
Barnehageanlegget har og eigna kontor og møterom.	Det er laga til eit kontor for styrar i kjellar. Det er ikkje universell tilgang til dette rommet, og det er ikkje tilstrekkeleg dagslys og luft. Det er møtebord med god plass, men det er ikkje eit eige møterom utanom pauserom og kontor i kjellar.				

Barnehageanlegget har nødvendige og eigna støttefunksjonar til personalet - som garderober og toalett	Personalgarderoben er ikkje kjønnsdelt, og det er skyvedør frå toalett og ut i garderobe, som ikkje er lydtette. Det er ikkje god nok plass til personalet sitt arbeidstøy i barna sine garderober.				
Avdelingar, basar og støtteareal har areal, utforming og kvalitet som bidreg til godt ergonomisk arbeidsmiljø og HMS.	Tronge garderober, manglar tilgjengelegheit i personalavdelinga og trengt reinhaldsrom er ikkje lagt til rette for gode ergonomiske høve.				
Funksjonell analyse - planløysing, samarbeid og tryggleik					
Barnehagens fysiske utforming legg til rette for samarbeid og effektiv og formålstenleg barnehagedrift.	Samarbeid må skje ved gjennomgang mellom avdelingar. Det er gode høve for samarbeid ute, og god oversikt mellom ute og inne.				
Planløysinga i barnehageanlegget sikrar enkel og effektiv tilgang til naudsynte funksjonar for barn og tilsette.	Planløysinga sikrar ikkje i stor nok grad tilgang til naudsynte funksjonar.				
Barnehagen har gode skilje mellom reine og skitne soner.	Mangel på areal i grovgarderobe, garderobe inn i personalsone, inngangsdør direkte inn i kjøkken og oppbevaring av vogner i garderober fører til manglande skilje mellom rein og sikten sone				
Det er tilstrekkeleg grad av transparens mellom kommunikasjonsareal og leike- og opphaldsareal, for å førebyggje mot grenseoverskridande åtferd, vald og terror.	Det er god oversikt i og mellom rom, med mykje opne dører. Det er ikkje innsynsvindauge inn i stellerom og toalett.				
Planløysing og utforming har universell utforming (UU), og låg terskel for bruk.	Bygget har store funksjonelle utfordringar med tilgjengelegheit inn i bygget, både i avdelingsinngangar og kjøkkeninngang - der det er trapp. Møblering gangen midt i barnehagen vil være en barriere for dei med trong for hjelpemiddel				
Funksjonell analyse - uteområde					
Uteområdet er stort nok og tilfredsstillar krav til areal iht. norm (minst 6 gonger større enn godkjend LOA inne).	Tomteareal er 3149 m ² . Utomhus leike og opphaldsareal er om lag 2000 m ² , og stort nok iht. norm				
Uteområdet er variert og utforma og lagt til rette med bakgrunn i utviklinga og behovet til aldersgruppa.	Eige sone for dei minste. Stort felles og variert uteområde, med variasjon i terreng, vegetasjon, leikeapparat og sonar til å utvikle lek med laust materiale.				
Området er oversiktleg og risikovurdert med omsyn til ulykke og skade.	Området ligg tett på veg, og sikring mot veg må risikovurderast				
Området har grøne kvalitetar og tilgang til natur.	Fine turområde i nærleiken				

Konteksten rundt barnehagen er oversiktleg og trygg og ein er ikkje utsett for støy over grenseverdiar (gul støysone eller over). Området er sikra med soner og gjerde ut mot tilstøytane areal på ein trygg og forsvarleg måte.	Området er oversiktleg, men leikeplass ligg tett på veg. Gjerdet er tilstrekkeleg høgt, men barn kan (og har) klatra over gjerde. Ei risikovurdering tilråddast for å sjå på om høva er tilstrekkeleg sikre, eller om ein må sette inn fleire tiltak. Støykart frå Statens vegvesen syner at delar av uteområdet ligg i gul støysone 				
Leikeapparata og dekk til barnehagen er heile og godt vedlikehaldne. Overvatn er handtert.	Leikeapparat er ikkje vurdert, men det gjennomførast leikeplasskontroll årleg.				
Uteområdet har overbygg og område der ein kan leika i le for sol, regn og vind.	Det er få overbygde område for å søke ly for ver og vind.				

3.2.2 Joagarden

Funksjonell analyse - Leike- og opphaldsareal	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Leike- og opphaldsarealet er formålstenleg innreidd og lagt til rette for barns aktivitet, kvile og medverknad.	Joagarden har tre avdelingar. Alle avdelingar har eit hovudrom og to leikerom. I tillegg er det eit felles kjøkken med opphaldsrom midt i bygget. Avdelingane er møblert med ein variasjon av høge og låge møbler, og det lagt til rette for leik i barna si høgd, spesielt på golvet. Det er generelt god orden og oversikt i avdelingar og fellesareal. Det er trong for ei oppgradering av meir haldbar møblement i til oppbevaring og lagring.				
Leike- og opphaldsarealet har gode fysiske kvalitetar med godt inneklimate, gode lys og lydforhold.	Ventilasjonen opplevast ikkje god nok enkelte stader, spesielt i overgang mellom gammalt og nytt bygg. Nokre avdelingsrom er ikkje tilstrekkeleg solskjema, og det er ujamn varnefordeling				
Barnehagen har fellesareal og møteplassar, og leike- og opphaldsarealet kan tilpassast og leggjast til rette både for grupper og enkeltbarns behov på tvers av grupper/avdelingar.	Det er eit felles fellesrom med kjøkken midt i barnehagen. Rommet er møblert med bord og stolar og sofa. Frysar og frysarskap er plassert i ganglinja i rommet, dette er ei uheldig plassering både med tanke på at barn nyttar rommet, og med tanke å evaluering og tilgjengelegheit				
Leike- og opphaldsareal inne har god kontakt uteområdet.	Avdelingane og fellesrom har kontakt med uteområdet gjennom store vindauge.				
Funksjonell analyse - støtteareal					
Barnehageanlegget har nødvendig støtteareal i nærleik av leike- og opphaldsareal.	Barnehagen har ein god planløsning, men det er for lite areal til lager, stellerom og grovgarderobar.				
Det er god nok plass og formålstenleg innreiing i garderobane til barna, og garderobane legg til rette for medverknad frå barn.	Grovgarderobane har effektiv innreiing, men dei er ikkje i stor nok grad lagt til rette for barn si medverknad. Knaggar og oppbevaring kunne ha vore lågare montert. Fingarderoben er				
Det er enkel tilgang til toalett frå både rein og skitten sone.	Ja				
Stelleromma har god nok kapasitet og er formålstenleg innreidd.	Stellerom er tronge og berre eit av dei har hev/senk stellebord.				

Barnehagen har funksjonell lagringskapasitet i form av nærlagring og fellesslager.	Det er generelt lite lagerkapasitet. Nokre plassar er det montert skap for lagring høgt på vegg. Lagring av utstyr til aktivitet på stellerom er ikkje ei god løysing mht. hygiene. Lagringsplass på avdeling er mangelfull.				
Funksjon for søvn/kvile legg til rette for trygge rammer for barnet, tryggleik og god søvnkvalitet.	Barn søv ute i vogner. Det er ikkje plass til oppbevaring av vogner inne.				
Barnehagen har kjøkkenfunksjon som bidreg til god pedagogisk praksis og mattryggleik.	Kjøkkenfunksjonen tilfredsstiller krav. Men det er litt mange aktivitetar som føregår samstundes, noko som gjer det vanskelegare å leggje til rette for barns medverknad.				
Barnehagens reinhaldsrom er plassert sentralt og tilgjengeleg, har rett storleik, og er innreidd for eit godt og effektivt reinhald.	Barnehagen har eit funksjonelt og ryddig reinhaldsrom. Det er noko arealknapt med omsyn til plassering av utstyr og funksjonalitet/ergonomi for reinhaldar.				
Barnehagen har plass til trygg varelevering og lagring av varer i nærleik av inngang.	Varelevering skjer gjennom hovudinngang. Tilkomst og parkering for varelevering er oversiktleg.				
Funksjonell analyse - Personalareal					
Tilsettfunksjonane har formålstenleg plassering, utforming, storleik og mengd dagslys.	Joagarden har ikkje stor nok garderobeplass til dei tilsette i barna knytt til avdelingane. Personalgarderobe er langt unna og for små til å vera funksjonelle for dei tilsette sine uteklede.				
Barnehageanlegget har naudsynt areal/tal på pedagogarbeidsplassar.	Ja				
Barnehageanlegget har og eigna kontor og møterom.	Ja				
Barnehageanlegget har nødvendige og eigna støttefunksjonar til personalet - som garderober og toalett	Det er ikkje kjønnsdelte garderober og det er ikkje planlagt for personale sine arbeidsklede i barna sine garderober.				
Avdelingar, basar og støtteareal har areal, utforming og kvalitet som bidreg til godt ergonomisk arbeidsmiljø og HMS.	Bygget er stort sett godt tilrettelagt for god ergonomi og HMS, men det er trengt i enkelte støttefunksjonar.				
Funksjonell analyse – planløysing, samarbeid og tryggleik					
Barnehagens fysiske utforming legg til rette for samarbeid og effektiv og formålstenleg barnehagedrift.	Avdelingane kan møtes og samarbeide gjennom fellesrom. Avdelingane har elles eigne funksjonar for garderobe og stellerom, og har ikkje ei direkte nærleik til kvarandre.				

Planløyisinga i barnehageanlegget sikrar enkel og effektiv tilgang til naudsynte funksjonar for barn og tilsette.	Planløyisinga legg opp til at det meste av aktivitet kan løysast innanfor avdelinga. Kjøkkenfunksjon er sentralisert, og det er enkelt tilgang frå alle avdelingane.				
Barnehagen har gode skilje mellom reine og skitne soner.	Ja, det er mogleg å skilje mellom rein og skiten skole. Litt tronge grovgarderober,				
Det er tilstrekkeleg grad av transparens mellom kommunikasjonsareal og leike- og opphaldsareal, for å førebyggje mot grenseoverskridande åtferd, vald og terror.	Det er ein lukka struktur i bygget generelt, som gjer at dører står mykje opne for å få oversikt mellom rom. Avdelingene ligg eit stykke frå kvarandre. Det er godt innsyn frå uteområdet og inn. Det er ikkje innsynsvindauge i toalett og stellerom.				
Planløyising og utforming har universell utforming (UU), og låg terskel for bruk.	Anlegget er hovudsakleg universelt utforma, men mangel på lager og garderebeplass, kan gje begrensa tilgjengelegheit. Garderobar har ikkje plass med låg betjeningshøgde.				
Funksjonell analyse – uteområde					
Uteområdet er stort nok og tilfredsstillar krav til areal iht. norm (minst 6 gonger større enn godkjend LOA inne).	Ja.				
Uteområdet er variert og utforma og lagt til rette med bakgrunn i utviklinga og behovet til aldersgruppa.	Uteområdet ligg rundt bygget, og er stort sett flatt, med nokre kuperte område. Området har ein kombinasjon av faste dekke, leikeapparat og grønne område.				
Området er oversiktleg og risikovurdert med omsyn til ulykke og skade.	Området er oversiktleg, og står fram som trygt og tilrettelagt for barn. Det er ikkje kjend i kva omfang området er risikovurdert.				
Området har grønne kvalitetar og tilgang til natur.	Det er natur tett på barnehagen.				
Konteksten rundt barnehagen er oversiktleg og trygg og ein er ikkje utsett for støy over grenseverdiar (gul støysone eller over).	Barnehagen ligg i eit bustadområde, med eige veg inn til eige parkeringsplass. Skulen og idrettsanlegg ligg i nærleiken, og det er kort til sjø og skog.				
Leikeapparata og dekkja til barnehagen er heile og godt vedlikehaldne. Overvatn er handtert.	Det var snø på synfaringstidpunkt- Leikeapparat er ikkje vurdert, men det gjennomførast leikeplasskontroll årleg.				
Uteområdet har overbygg og område der ein kan leika i le for sol, regn og vind.	Det er få område med overbygg og le for ver og vind, med unntak av takoverbygg til vogner.				

3.3 Stølane barnehage

Funksjonell analyse - Leike- og opphaldsareal	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Leike- og opphaldsarealet (LOA) er formålstenleg innreidd og lagt til rette for barns aktivitet, kvile og medverknad.	Avdelingane har ein enkel struktur med eit avdelingsrom og eit leike/kvilerom per avdeling. Avdelingsromma har enkel innreiing, med lite variasjon i material og utstyr tilgjengeleg for barna. Låge leikehyller med leiker nokre plassar. Fleire rom har mange dører, som gjer det vanskeleg å innreie leikekrokar. Det er gjort funksjonsendringar i bygget, der det er tatt frå LOA. Barnehagen har ikkje leike og opphaldsareal i tråd med eit godkjend leike- og opphaldsareal på 198 m ² .				
Leike- og opphaldsarealet har gode fysiske kvalitetar med godt inneklima, gode lys og lydforhold.	Det er generelt dårlege dagslyshøve i alle avdelingsrom, og mangel på utsyn på avdelingsrommet til Blomsterenga og Gardstunet. Vindauga på fleire av leike/kvileromma har høg brystning på vindauga, som gjer det vanskeleg for barn å sjå ut. Det er lydgjennomgang mellom avdelingsrom og fellesrom. Fleire rom har merkbar luftlyd. Enkelte stader er det panelomnar frå byggeår. Det er dårleg generell belysning, med utdaterte lyskjelder mange stader.				
Barnehagen har fellesareal og møteplassar, og leike- og opphaldsarealet kan tilpassast og leggjast til rette både for grupper og enkeltbarns behov på tvers av grupper/avdelingar.	Det er ei fellesstue med tilgang frå felles kjøkken. Felles kjøkken har også ein plass for måltid og aktivitet. Fellesrom og kjøkken ligg midt i bygget og er ein naturleg møteplass.				
Leike- og opphaldsareal inne har god kontakt uteområdet.	Det er ikkje utsyn mot uteområdet frå Gardstunet og Blomsterenga.				
Funksjonell analyse - støtteareal					
Barnehageanlegget har nødvendig støtteareal i nærleik av leike- og opphaldsareal.	Barnehagen er planlagt med støtteareal nær leike- og opphaldsareal, men det er lite lagringsplass, plass i grovgarderobe og generelt trangt i korridorar. Material og utstyr lagrast i høgda oppunder tak. Leikemateriell lagrast på toalett og stellerom. Det er ikkje plass til lagring av vogner innomhus.				

Det er god nok plass og formålstenleg innreiking i garderobane til barna, og garderobane legg til rette for medverknad frå barn.	Grovgarderobane er for tronge, og innreiking er ikkje lagt til rette for medverknad frå barn. Det er lite golv plass, så av- og påkledning må trekkast inn i fingarderober. System er lagt til rette for å vere plasseffektivt og gje orden, men det er ikkje teke omsyn til dei tilsette og føresette sin ergonomi. Det er ikkje lagt til rette med universell utforma garderoheplass, med betjeningshøgt under 120 cm ¹ .				
Det er enkel tilgang til toalett frå både rein og skitten sone.	Det er tilgang til toalett frå avdeling og frå grovgarderober for Blomsterenga og Kråkerei. Gardstunet har ikkje toalett i grovgarderober. Gardstunet har toalett tilknytt stellerom, som står rett ved stellebenk, og er ikkje avgrensa anna aktivitet i rommet.				
Stelleromma har god nok kapasitet og er formålstenleg innreidd.	Det er ikkje hev-senk stellebord på Gardstunet. Stellerom på Gardstunet har toalett som står tett på stellebenk, og er ikkje avgrensa frå anna aktivitet i rommet. Det er ikkje stellerom på Kråkerei.				
Barnehagen har funksjonell lagringskapasitet i form av nærlagring og fellesslager.	Ei av avdelingane har lager, elles er det lagringsmøblar plassert rundt in barnehagen. Det er kjølelager og matlager tilknytt kjøkken. Grunna av plassmangel for lagring, lagrast mykje material og utstyr i høgda, over skap og på hyller oppunder taket.				
Funksjon for søvn/kvile legg til rette for trygge rammer for barnet, tryggleik og god søvnkvalitet.	Barnehagen manglar funksjonell lagring for vogner, og har ikkje eit eige isolert rom for oppbevaring av vogner.				
Barnehagen har kjøkkenfunksjon som bidreg til god pedagogisk praksis og mattryggleik.	Felleskjøkken har god funksjonalitet. To av avdelingane er ikkje i tilstrekkeleg grad eigna for logistikk rundt måltida. Arbeidsbenkar på avdelingane nyttast til ulik aktivitet.				
Barnehagens reinhaldsrom er plassert sentralt og tilgjengeleg, har rett storleik, og er innreidd for eit godt og effektivt reinhald.	Reinhaldsrommet er trangt og ikkje lagt til rette for god logistikk, oppbevaring av utstyr og lagring. Rom og innreiking legg ikkje opp til gode ergonomiske høve for reinhaldar og moglegheit for å skilje mellom reint og skitent.				

¹ § 12-8. Entré og garderober - Direktoratet for byggkvalitet
eignaheitsvurdering - samla.docx

Barnehagen har plass til trygg varelevering og lagring av varer i nærleik av inngang.	Det manglar funksjon for varemottak				
Funksjonell analyse - Personalareal					
Tilsettfunksjonane har formålstenleg plassering, utforming, storleik og mengd dagslys.	Personalrom er trangt, det er ikkje eit eige møterom. Personalavdelinga har generell plassmangel.				
Barnehageanlegget har naudsynt areal/tal på pedagogarbeidsplassar.	Ja				
Barnehageanlegget har og eigna kontor og møterom.	Kontoret er stort og har møteromsfunksjon, men utover dette har ikkje barnehagen eige møterom				
Barnehageanlegget har nødvendige og eigna støttefunksjonar til personalet - som garderober og toalett	Det er ikkje kjønnsdelte garderober, og det er generelt for lite plass i personalgarderoben. Korridor i personalavdeling nyttast til garderobe. Personalet har ikkje tilgang til dusj. Det er ikkje plass til personale sine klede i barna sine garderober.				
Avdelingar, basar og støtteareal har areal, utforming og kvalitet som bidreg til godt ergonomisk arbeidsmiljø og HMS.	Det er generelt trangt om plassen i støtte- og personalfunksjonar. I tillegg manglar hev/senk stellebord i stellerom på småbarnsavdeling. Utforming, areal og funksjonalitet er ikkje i tråd med krav til god ergonomi og HMS				
Funksjonell analyse – planløyising, samarbeid og tryggleik					
Barnehagens fysiske utforming legg til rette for samarbeid og effektiv og formålstenleg barnehagedrift.	Felles kjøkken og samlingsrom bidreg som gode møteplassar.				
Planløyisinga i barnehageanlegget sikrar enkel og effektiv tilgang til naudsynte funksjonar for barn og tilsette.	Planløyisinga i seg sjølv er god for ein treavdelings barnehage, men arealmangel trekk ned på tilgang og effektivitet.				
Barnehagen har gode skilje mellom reine og skitne soner.	Det er ikkje skilje mellom rein og skiten sone. Grovgarderoben er ikkje stor nok å skilje mellom fin og grovgarderobe, og det er ikkje dør mellom fin- og grovgarderobe.				
Det er tilstrekkeleg grad av transparens mellom kommunikasjonsareal og leike- og opphaldsareal, for å førebyggje mot grenseoverskridande åtferd, vald og terror.	Der er lukka struktur mellom avdelingane og mellom romma inni avdelingane. Det er ikkje innsynsglas til stellerom, toalett og garderober.				
Planløyising og utforming har universell utforming (UU), og låg terskel for bruk.	Planløyisinga er universelt utforma, men plassmangel gjer tilgjengelegheit vanskeleg. Bygget er ikkje i stor nok grad lagt til rette for ulike funksjonsvariasjonar.				

Funksjonell analyse – uteområde				
Uteområdet er stort nok og tilfredsstillende krav til areal ihht. norm (minst 6 ganger større enn godkjend LOA inne).	Barnehagen har eit inngjerda uteareal på 1 714 m ² . Dette er stort nok for tal på godkjende barnehageplassar			
Uteområdet er variert og utforma og lagt til rette med bakgrunn i utviklinga og behovet til aldersgruppa.	Området er stort og spanande med ulike varierte leikeapparat, asfalt inn mot bygget og ei stor og utfordrande naturtomt.			
Området er oversiktleg og risikovurdert med omsyn til ulykke og skade.	Området har eit krevjande klatreområde på naturtomt som bør vurderast nærmare med tanke på moglege fallskader.			
Området har grønne kvalitetar og tilgang til natur.	Både barnehagen og områda rundt har gode naturkvalitetar			
Konteksten rundt barnehagen er oversiktleg og trygg og ein er ikkje utsett for støy over grenseverdiar (gul støysone eller over).	Innkøyrse og parkeringsplass har mange ulike brukarføremål. Plassen er uoversiktleg, trong og ikkje tilstrekkeleg sikra for mjuke trafikantar.			
Leikeapparata og dekk til barnehagen er heile og godt vedlikehaldne. Overvatn er handtert.	Vurderast av leikeplasskontroll. Ikkje vurdert under synfaring.			
Uteområdet har overbygg og område der ein kan leika i le for sol, regn og vind.	Det manglar nok overbygg og skjerming mot sol ute.			

3.4 Kjølvikstølen barnehage

Funksjonell analyse - Leike- og opphaldsareal	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Leike- og opphaldsarealet er formålstenleg innreidd og lagt til rette for barns aktivitet, kvile og medverknad.	Romma er tilrettelagt for varierte leikeaktivitet. Det er lagt til rette for leikemateriell og aktivitet på golv og i barna si høgd. Ein del høge bord og stolar, og noko slitt møblement, men elles godt tilrettelagt.				
Leike- og opphaldsarealet har gode fysiske kvalitetar med godt inneklima, gode lys og lydforhold.	Det er store utfordringar med lydgjennomgang mellom rom, det er varierende temperatur, og manglande solskjerming. Eit av grupperomma har ikkje dagslys og utsyn. Det er ikkje solskjerming på vindauge.				
Barnehagen har fellesareal og møteplassar, og leike- og opphaldsarealet kan tilpassast og leggast til rette både for grupper og enkeltbarns behov på tvers av grupper/avdelingar.	Kjøkken er møteplass mellom avdelingane				
Leike- og opphaldsareal inne har god kontakt uteområdet.	Det er utsyn til delar av uteområdet frå opphaldsromma.				
Funksjonell analyse - støtteareal					
Barnehageanlegget har nødvendig støtteareal i nærleik av leike- og opphaldsareal.	Det er generelt mangel på støtteareal, som garderober, eigna stellerom og lager. I dag er det til dømes ikkje eigna lagringsplass til vogner, fryser står inne i leikerom, og lagerrom nyttast som personalrom. Arealmangel i garderober, stellerom og lager, samt omdisponering av areal til andre føremål fører til manglande tilgjengelegheit og brukbarheit av støttearealet				
Det er god nok plass og formålstenleg innreiing i garderober til barna, og garderober legg til rette for medverknad frå barn.	Ikkje nok plass og garderober manglar hensiktsmessig innredning. Vogner og utstyr lagrast i gang og garderobe. Det er dårleg tilgjengelegheit.				
Det er enkel tilgang til toalett frå både rein og skitten sone.	Ikkje tilgang til toalett frå rein sone				
Stelleromma har god nok kapasitet og er formålstenleg innreidd.	Stellerommet er trangt og det lagrast materiale og utstyr som ikkje høyrer heime på stellerom.				
Barnehagen har funksjonell lagringskapasitet i form av nærlagring og fellesslager.	Det er ikkje funksjonelle lagringsløyisingar. Frysar lagrast i opphaldsrom.				

Funksjon for søvn/kvile legg til rette for trygge rammer for barnet, tryggleik og god søvnkvalitet.	Oppbevaring og plassering av vogner i gangar og garderobe er til hinder for evakuering, og er ikkje hensiktsmessig for god ergonomisk og pedagogisk praksis. Dårleg plass og logostikk legg ikkje til rette for god praksis rundt sovesituasjonen				
Barnehagen har kjøkkenfunksjon som bidreg til god pedagogisk praksis og mattryggleik.	Barnehagen har nytt og funksjonelt kjøkken i allrom. Dette ligg sentralt. Kjøkkensone er ikkje fysisk skilt frå leikeareal.				
Barnehagens reinhaldsrom er plassert sentralt og tilgjengeleg, har rett storleik, og er innreidd for eit godt og effektivt reinhald.	Reinhaldsrommet er trangt og ikkje lagt til rette for god logistikk, oppbevaring av utstyr og lagring. Rom og innreiing legg ikkje opp til gode ergonomiske høve for reinhaldar og moglegheit for å skilje mellom reint og skitent.				
Barnehagen har plass til trygg varelevering og lagring av varer i nærleik av inngang.	Barnehagen har ikkje eit eige område som er eigna for varelevering.				
Funksjonell analyse - Personalareal					
Tilsettfunksjonane har formålstenleg plassering, utforming, storleik og mengd dagslys.	Barnehagen har ikkje forsvarleg eller føremålstenleg areal og funksjonar for personale. Barnehagen manglar eigna pause og møterom. Lager er tatt i bruk som pauserom. Rommet er trangt og lydt.				
Barnehageanlegget har naudsynt areal/tal på pedagogarbeidsplassar.	Rommet tilfredsstiller ikkje krav til dagslys og utsyn og det nyttast til lagring av vantar.				
Barnehageanlegget har og eigna kontor og møterom.	Rommet tilfredsstiller ikkje krav til dagslys og utsyn og det nyttast til lagring av vantar.				
Barnehageanlegget har nødvendige og eigna støttefunksjonar til personalet - som garderobar og toalett	Det er ikkje eigna garderobar, toalett eller støttefunksjon til personalet.				
Avdelingar, basar og støtteareal har areal, utforming og kvalitet som bidreg til godt ergonomisk arbeidsmiljø og HMS.	Kjølsvikstølen har eit krevjande fysisk arbeidsmiljø for dei tilsette. Det møter ikkje krav i arbeidsmiljøloven til HMS.				
Funksjonell analyse – planløysing, samarbeid og tryggleik					
Barnehagens fysiske utforming legg til rette for samarbeid og effektiv og formålstenleg barnehagedrift.	Det er ei lita eining , og dei tilsette samarbeider godt tross store funksjonelle manglar i bygget. Overflatar og golv er slitt. Brannslange er ikkje sikra i eige skap, og oppbevaring av vogner hindrar tilgang. Det er montert hyller under brannslange.				
Planløysinga i barnehageanlegget sikrar enkel og effektiv tilgang til naudsynte funksjonar for barn og tilsette.	Mangel på støtteareal sikrar ikkje i stor nok grad effektiv drift.				

Barnehagen har gode skilje mellom reine og skitne soner.	På grunn av arealmangel, er det ikkje mogleg å skilje mellom rein og skiten sone.				
Det er tilstrekkeleg grad av transparens mellom kommunikasjonsareal og leike- og opphaldsareal, for å førebyggje mot grenseoverskridande åtferd, vald og terror.	Barnehagen har ein lukka struktur, det er ikkje innsyn inn i rom, og mellom rom.				
Planløyising og utforming har universell utforming (UU), og låg terskel for bruk.	Barnehagen er ikkje universelt utforma. Plassmangel hindrar tilgang til garderobar, toalett, inngangsparti og personalfunksjonar.				
Funksjonell analyse – uteområde					
Uteområdet er stort nok og tilfredsstillar krav til areal iht. norm (minst 6 gonger større enn godkjend LOA inne).	Ja				
Uteområdet er variert og utforma og lagt til rette med bakgrunn i utviklinga og behovet til aldersgruppa.	Det er stor variasjon, men det er lite aktivitetstilbod på området mellom port og naturromt. Og litt lite variasjon til dei minste barna.				
Området er oversiktleg og risikovurdert med omsyn til ulykke og skade.	Det er ikkje observert risiko ved synfaring. Området er oversiktleg,				
Området har grønne kvalitetar og tilgang til natur.	Barnehagen og omgjevnadene har grønne kvalitetar og tilgang på natur.				
Konteksten rundt barnehagen er oversiktleg og trygg og ein er ikkje utsett for støy over grenseverdiar (gul støysone eller over).	Det er ein stor parkeringsplass. Denne kunne med fordel ha vore betre oppmerka og skilta.				
Leikeapparata og dekkja til barnehagen er heile og godt vedlikehaldne. Overvatn er handtert.	Leikeapparat er ikkje vurdert med tanke på tryggleik, men det gjennomførast leikeplasskontroll årleg. Det er trong for vedlikehald.				
Uteområdet har overbygg og område der ein kan leika i le for sol, regn og vind.	Det er ein gapahuk og tre som gir skygge, men området inn mot bygget har ikkje overbygg, eller andre plassar der ein kan skjermast for ver og vind				
Området er sikra med soner og gjerde ut mot tilstøytane areal på ein trygg og forsvarleg måte.	Ja				

3.5 Vinjar barnehage

Funksjonell analyse - Leike- og opphaldsareal	Vurdering	EG0	EG1	EG2	EG3
Leike- og opphaldsarealet (LOA) er formålstenleg innreidd og lagt til rette for barns aktivitet, kvile og medverknad.	Noko enkel innreiing. Noko inventar og utstyr i barnehøgde og på barns premissar. Likevel potensiale til meir variert og ny innreiing.				
Leike- og opphaldsarealet har gode fysiske kvalitetar med godt inneklima, gode lys- og lydforhold.	Det er gode lystilhøve i LOA, med vindaugsflater i god barnehøgde ned mot golv. Manglar utvendig solskjerming. (Ein er kommunalt i ferd med å bytte ut lysstoffrør, utan at det er plan for pedagogisk tilpassing av lys i ulike areal). Barnehagen meldar om dårleg regulering av golvtemperatur på to avdelingar, det har vore utfordringar med at varme i golv slår seg av. Skyvedører fører til lydsmitte mellom nokre areal og funksjonar.				
Barnehagen har fellesareal og møteplassar, og leike- og opphaldsarealet kan tilpassast og leggjast til rette både for grupper og enkeltbarns behov på tvers av grupper/avdelingar.	To og to avdelingar har felles areal / allrom som er eigna som felles møteplass. Kvar avdeling har base og to leikerom/grupperom som enkelt kan tilpassast tema og aktivitet. Har ikkje større felles allrom, som er godt tilrettelagt med lys- og lyd, men kan eventuelt nytte fasilitetar i skulen.				
Leike- og opphaldsareal inne har god kontakt med uteområdet.	Vindaugsflater i barnehøgde. Dør rett ut frå allrom. God kontakt mellom inne og ute.				
Funksjonell analyse - støtteareal					
Barnehageanlegget har nødvendig støtteareal i nærleik av leike- og opphaldsareal.	God oppbygging av avdelingar: Grovgarderober med overgang til fingarderober før base og leikerom. Små avstandar, logisk oppbygging. Kjøken i begge allromma og benkeplate med skåp-plass og vask i basane. Noko lite lagerareal nær avdelingane. Logisk oppbygging med føremålstenlege funksjonar og areal.				
Det er god nok plass og formålstenleg innreiing i garderoberne til barna, og garderoberne legg til rette for medverknad frå barn.	Gode og oversiktlege garderober med funksjonell innreiing. Det er grov- og fingarderober, med høve for å trene sjølvstende i av- og påkledning.				

Det er enkel tilgang til toalett frå både rein og skitten sone.	Det er toalett i grovgarderobe, med lett tilkomst frå uteområde. Stellerom m/toalett i avdelingane.				
Stelleromma har god nok kapasitet og er formålstenleg innreidd.	Det er stellerom tilknytt kvar avdeling / garderobe. Hev- senk- stellebord i nokre avd. Varierende storleik og funksjonalitet; nokre med liten plass på stellebenk, slik at stellematta stikker ut over vask.				
Barnehagen har funksjonell lagringskapasitet i form av nærlagring og fellesslager.	Barnehagen har felles lagerrom og noko nærlagring i skåp.				
Funksjon for søvn/kvile legg til rette for trygge rammer for barnet, tryggleik og god søvnkvalitet.	Barna søv i eigne vogner i uisolert soveskur, med direkte tilkomst frå barnehagen. Ein nyttar «babycall». Har tidlegare vore mus i romma, men ikkje plaga av det siste tida.				
Barnehagen har kjøkkenfunksjon som bidreg til god pedagogisk praksis og mattryggleik.	Kjøkena stettar krav til tryggleik og funksjonell vaksenbruk. Det er ikkje kjøkkenfunksjon som er tilpassa barns medverknad.				
Barnehagens reinhaldsrom er plassert sentralt og tilgjengeleg, har rett storleik, og er innreidd for eit godt og effektivt reinhald.	Sentral og tilgjengeleg plassering. Treng betre funksjonalitet for lagring.				
Barnehagen har plass til trygg varelevering og lagring av varer i nærleik av inngang.	Lager lett tilgjengeleg ved hovudinngang / entre.				
Funksjonell analyse - Personalareal					
Tilsettfunksjonane har formålstenleg plassering, utforming, storleik og mengd dagslys.	God og funksjonell plassering sentralt i barnehagen. Nok areal med god nærleik til andre personalareal og avdelingane. Nok dagslys. Manglar utvendig solskjerming. Sjenerande støy frå ventilasjonsanlegg på arbeidsrom.				
Barnehageanlegget har naudsynt areal/tal på pedagogarbeidsplassar.	Godt arbeidsrom for pedagogisk personale med nok plass og dagslys.				
Barnehageanlegget har og eigna kontor og møterom.	Ja				
Barnehageanlegget har nødvendige og eigna støttefunksjonar til personalet - som garderober og toalett	Er noko arealknapt ved full kapasitetsutnytting. Med dagens tal på barn og tilsette, er det ok.				
Avdelingar, basar og støtteareal har areal, utforming og kvalitet som bidreg til godt ergonomisk arbeidsmiljø og HMS.	Noko arealknapt i nokre støttefunksjonar som grovgarderobe, stellerom og tilgang til nærlagring, men heilskapleg godt organisert.				
Funksjonell analyse – planløysing, samarbeid og tryggleik					
Barnehagens fysiske utforming legg til rette for samarbeid og effektiv og formålstenleg barnehagedrift.	Funksjonell planløysing godt eigna for samhandling på tvers av avdelingar. Manglar noko transparens og nærlager.				

Planløyisinga i barnehageanlegget sikrar enkel og effektiv tilgang til naudsynte funksjonar for barn og tilsette.	Ja. Barnehagen har funksjonane som skal til for å drive funksjonelt med god kvalitet. Kompakt bygg med god nærleik til og mellom funksjonar. Arealeffektiviteten kan i nokon samanhengar blir for stor, slik at det går utover barn si medverknad og ergonomi, t.d. I garderober.				
Barnehagen har gode skilje mellom reine og skitne soner.	Ja; god oppbygging av garderober, med grov- og fingarderober.				
Det er tilstrekkeleg grad av transparens mellom kommunikasjonsareal og leike- og opphaldsareal, for å førebyggje mot grenseoverskridande åtferd, vald og terror.	Det er lite transparens i barnehagen. Dette gjer barnehagen mindre oversiktleg, og fremjar ikkje i tilstrekkeleg grad tryggleik. Det bør t.d. vere vindaug inn mot stellerom.				
Planløyising og utforming har universell utforming (UU), og låg terskel for bruk.	Ja				
Funksjonell analyse – uteområde					
Uteområdet er stort nok og tilfredsstillar krav til areal ihht. norm (minst 6 gonger større enn godkjend LOA inne).	Ja. Uteområde er på 2 491 m ²				
Uteområdet er variert og utforma og lagt til rette med bakgrunn i utviklinga og behovet til aldersgruppa.	Uteområdet er variert og tilrettelagt for aldersgruppa. Eit utval apparat og soner eigna for både rolle- regel- og frileik. God oversikt, men området generelt er inneklemmt mellom skule og samfunnshus.				
Området er oversiktleg og risikovurdert med omsyn til ulykke og skade.	Leikeplasskontroll gjennomført mai 24. Nokre avvik påpeika, og ein del apparat ikkje godkjent. Vi har ikkje fått dokumentasjon på at avvika er retta.				
Området har grønne kvalitetar og tilgang til natur.	Ja				
Konteksten rundt barnehagen er oversiktleg og trygg og ein er ikkje utsett for støy over grenseverdiar (gul støysone eller over).	Barnehagen ligg i randsona til gul støysone, som strekk seg inn over skuleområdet – blant anna over ballbana. Når barna i barnehagen oppheld seg ute i nærområdet, er dei i stor grad eksponerte for både gul og raud støysone frå Suldalvegen.				
Leikeapparata og dekk til barnehagen er heile og godt vedlikehaldne. Overvatn er handtert.	Vedlikehaldsetterslep påpeika i leikeplasskontroll mai 24. Vi har ikkje fått dokumentasjon på at avvika er retta. Barnehagen melder om etterslep på vedlikehald/ slitasje på leikeapparat og fallunderlag.				

Uteområdet har overbygg og område der ein kan leika i le for sol, regn og vind.	Eit takutstikk ved småbarnsavdeling kan gje noko ly. Elles lite overbygg og skjerming for sol og regn.				
--	---	--	--	--	--